




Viltet i Austrheim

Kartlegging av viktige viltområde
og status for viltartane



Austrheim kommune og
Fylkesmannen i Hordaland
2003

Viltet i Austrheim

Kartlegging av viktige viltområde
og status for viltartane

Austrheim kommune og
Fylkesmannen i Hordaland
2003

MVA-rapport 8/2003

FOTO PÅ FRAMSIDA (frå toppen):

Grågås. Art i framgang, som i dag er ordinær hekkefugl på fleire av dei ytre øyane i Austrheim (foto: Ingvar Grastveit).

Hoggorm. Einaste representanten for krypdyra som finst i Austrheim (foto: Roar Solheim).

Hornugle. Opptrer tilfeldig i Austrheim, men har hekka i spesielt gode år for arten (foto: Ingvar Grastveit).

Låvesvale i fangstnett for ringmerking. Ved Purkebolsvatnet ligg landets største overnatningsstad for låvesvaler. Fleire tusen svaler er ringmerkte her sidan 1997 (foto: Ingvar Grastveit).

Padde. Få kommunar i Hordaland har så sterk bestand av padde som Austrheim (foto: Ingvar Grastveit).

Sandlo. Ved Leirvågen finst den eine av berre to hekkeplassar for sandlo i låglandet i Hordaland (foto: Ingvar Grastveit).

Ærfugl hann. Sjøfuglart som for tida er i framgang i Austrheim, som elles i Hordaland (foto: Ingvar Grastveit)

| | |
|---|---|
| Ansvarlege institusjonar: Austrheim kommune og Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernnavdelinga | Rapport nr: MVA-rapport 8/2003 |
| Tittel: Viltet i Austrheim. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane | ISBN: 82-8060-015-9 ISSN: 0804-6387 |
| Forfattarar: Stein Byrkjeland og Olav Overvoll | Tal sider: 43 + vedlegg |
| Kommunalt prosjektansvarleg: Hans Jakob Låstad Lygre og Rein Midteng | Dato: 07.11.2003 |
| <p>Samandrag: Etter initiativ frå Fylkesmannen si miljøvernnavdeling, har Austrheim kommune gjennomført ei kartlegging av viktige viltområde i kommunen. Målet med kartlegginga har vore å gje kommunen ei oppdatert oversikt over viktige viltområde til bruk i arealforvaltinga og å presentere ein kunnskapsstatus for viltet i kommunen. Medan tidlegare viltkart nesten utelukkande omhandla jaktbare artar, omfattar den nye kartlegginga alle viltartar i høve til det utvida viltomgrepet. Dvs. alle førekommende artar innan gruppene amfibiar, krypdyr, fugl og landpattedyr. Eit utval av artar og funksjonsområde er kartlagt og det er lagt særleg vekt på sjøfugl, truga og sårbare artar (raudlisteartar) og fåtalige artar med spesielle habitatkrav. Det er vanleg å dele kartverket i fire tema: (1) hjortevilt, (2) småvilt, (3) opplysningar unntake offentlegheit og (4) prioriterte viltområde (viktige- og svært viktige viltområde). Kartet over prioriterte viltområde vil vere det viktigaste i overordna plansamanheng. Dette kartet er vedlagt rapporten. Rapporten er eit viktig supplement til karta og inneholder generelt stoff om viltforvalting, litt om korleis kartlegginga i Austrheim har blitt gjennomført, ein omtale av dei prioriterte viltområda og ei oversikt over alle viltartar som er registrerte i kommunen. 6 område i Austrheim er avmerkte som svært viktig viltområde og 19 som viktige. Det er registrert 175 viltartar i kommunen: 2 amfibium, 2 krypdyrartar, 155 fugleartar og 16 pattedyrrartar. Samanlikna med mange andre kommunar i Hordaland har ein nokså god oversikt over vitlførekomstane i Austrheim. Men situasjonen for viltet kan endre seg, både naturleg og som ein følge av tekniske inngrep og endra arealbruk. Difor er det naudsynt å oppdatere kartverket med jamne mellomrom, både for å fange opp endringar i arealbruk og ny kunnskap om viltet.</p> | |
| <p>Referanse: Byrkjeland, S. & Overvoll, O. 2003. Viltet i Austrheim. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane. - Austrheim kommune og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 8/2003: 43 s. + vedlegg.</p> | |
| <p>Emneord: Austrheim kommune, viltkartlegging, biologi, zoologi, amfibiar, krypdyr, fuglar, pattedyr</p> | |
| Austrheim kommune 5943 Austrheim Tlf: 56 16 20 00, Fax: 56 20 20 01 www.austrheim.kommune.no | Fylkesmannen i Hordaland Miljøvernnavdelinga Postboks 7310 5020 Bergen Tlf: 55 57 22 00, Fax: 55 57 22 01 www.fylkesmannen.no/hordaland www.miljostatus.no/hordaland |

FORORD

Dei siste åra har samtlege kommunar i Noreg teke til med å kartleggje sitt biologiske mangfald meir i detalj. Som ein del av dette arbeidet er viktige viltområde i Austrheim no kartlagt.

Austrheim har teke del i eit samarbeid med Fedje og Masfjorden kommunar om dette, og Stein Byrkjeland har gjort arbeidet i desse kommunane. Det har vore etablert ei interkommunal styringsgruppe som har gjeve innspel og hjelp underveis i arbeidet. Eit større møte vart halde i Austrheim i august 2002. På dette møtet deltok også Bjørn Moe, som har kartlagt naturtypar i dei same kommunane. Det har vore eit løpende samarbeid med Bjørn Moe under prosjektet, og vi har vore saman om noko av feltarbeidet.


Arbeidet byggjer på feltregistreringar i 2001 og 2002, samt tidlegare registreringar i samband med viltfaglege vurderingar for ein planlagt kondensatleidning gjennom kommunen i 1997 og eit omfattande ringmerkingsarbeid ved Purkebolsvatnet i åra 1997-2002. Saman med sjøfugldata som elles er samla inn av fylkesmannen, har ein i Austrheim relativt god kunnskap om viltførekomstane pr. 2003, samanlikna med mange andre kommunar det kunne vore naturleg å samanlikne med. Det har diverse teke teke noko meir tid enn ein opphavleg tenkte å samanfatte denne rapporten, men det er å vone at innhaldet vil verte brukt i framtidig kommunalt planarbeid og sakshandsaming, og at ein med tida kan oppdatere kunnskapsgrunnlaget når dette er å sjå på som påkravd. Aller helst bør dette gjerast løpende, all den tid at førekomstane av mange artar heile tida er i endring, og kanskje finn desse endringane stad særlig raskt i dei ytre kystkommunane i vårt fylke.

November 2003


Stein Byrkjeland

Olav Overvoll

Eit landskap i endring — dyreliv i endring



Her er vist to flyfotos tekne over delar av Austrheim i august 1980. Den gongen var storparten av kommunen dominert av llyngheti, prega av skjøtsel ved beiting og sviing. Det var forholdsvis lite lauvskog, men plantefelt av sitkagran og buskfuru var på plass. Det er framleis mykje llyngheti i Austrheim, men dei siste tiåra har mykje av llyngheta endra karakter. Dette er landskapsendringar som også viltet må tilpassa seg. Vi har ikkje så detaljert kunnskap om mengda som var av vilt i utmarka i Austrheim kring 1980, men generelt har ein del typiske llynghetartar gått attende medan meir skogtilknytta viltartar truleg har gått fram.



INNHOLD

| | |
|---|-----------|
| FORORD | 5 |
| INNHOLD | 7 |
| 1. INNLEIING | 9 |
| BAKGRUNN | 9 |
| LOVGRUNNLAG | 9 |
| INTERNASJONALE KONVENTSJONAR | 10 |
| ANDRE SENTRALE DOKUMENT | 10 |
| KVIFOR SIKRE EIT MANGFALD AV VILTARTAR | 10 |
| 2. UTFORMING AV VILTKARTVERKET | 12 |
| PRAKТИSKE PROBLEM VED VILTKARTLEGGING | 12 |
| KVA SKAL KARTLEGGAST? | 12 |
| UTFORMING AV VILTKARTVERKET | 13 |
| KORLEIS BRUKE VILTKARTA? | 13 |
| VILTRAPPORTEN | 14 |
| BRUKARAR AV KARTFESTA INFORMASJON OM VILTET | 14 |
| OPPDATERING OG REVISJON AV VILTKARTA | 14 |
| 3. METODIKK FOR ARBEIDET I AUSTRHEIM | 15 |
| ORGANISERING AV PROSEKTET | 15 |
| INNSAMLING AV INFORMASJON | 15 |
| KARTFRAMSTILLING | 15 |
| 4. NATURGRUNNLAGET | 16 |
| GEOGRAFISK PASSERING OG AREALBRUK | 16 |
| LANDSKAP OG GEOLOGI | 16 |
| KLIMA | 16 |
| VEGETASJON | 16 |
| 5. SKILDRING AV VILTOMRÅDA I AUSTRHEIM | 17 |
| SVÆRT VIKTIGE VILTOMRÅDE | 17 |
| VIKTIGE VILTOMRÅDE | 19 |
| VIKTIGE TREKKVEGAR FOR HJORT | 21 |
| 6. TRUA OG SÅRBARE ARTAR I AUSTRHEIM | 22 |
| GENERELT OM TRUGA OG SÅRBARE ARTAR | 22 |
| RAUDLISTER | 22 |
| 7. STATUS FOR VILTET I AUSTRHEIM | 25 |
| AMFIBIAR | 25 |
| KRYPDYR | 25 |
| FUGLAR | 25 |
| PATTEODYR | 36 |
| 8. KVA BØR KARTLEGGAST BETRE? | 39 |
| 9. BRUKARINTERESSER I NATUREN OG KONFLIKTAR I FORHOLD TIL VILTET | 40 |
| SKOGBRUK | 40 |
| JORDBRUK | 40 |
| FRILUFTSLIV OG FERDSLE | 40 |
| JAKT | 41 |
| FAUNAKRIMINALITET | 41 |
| BUSTADOMRÅDE OG INDUSTRI | 41 |
| VEGAR | 41 |
| VASSDRAGSREGULERING | 41 |
| KRAFTLEIDNINGAR | 41 |
| AVFALL | 42 |
| OPPDRETTSANLEGG | 42 |
| 10. INFORMANTAR | 43 |
| 11. LITTERATUR | 43 |
| VEDLEGG I. ARTSLISTE | 45 |
| VEDLEGG II. KART | 51 |

Låvesvalene ved Purkebolsvatnet



I 1994 starta ornitologar i Hordaland med omfattande ringmerking av låvesvaler ved ein overnattingsstad ved Ullevvatnet i Os. Dette var ein av dei største kjende overnattingsplassane for arten i landet på det tidspunktet, med ei mengd på inntil 5000 svaler på det meste.

Men i 1997 forsvann svalene plutselig frå Ullevvatnet. Grunnen kan vere at det dette året var svært lite insekt å finne her, og dermed var lokaliteten kanskje ikke så attraktiv for svalene, som kjem til slike stader både for å overnatte og søke næring før dei går til ro. Men svalene vart funne att — ved Purkebolsvatnet i Austrheim, som skulle vise seg å vere ein endå større overnattingsplass. Faktisk den største i landet, også i dag. På det meste dette året sat det anslagsvis mellom 10 000 og 12 000 svaler på nattekvist i takrøyrskogen her. Dette er høge tal også i internasjonal målestokk, sjølv om det i Afrika finst slike overnattingsplassar med kanskje fleire millionar svaler samstundes.

I åra som følgde vart det ringmerkt fleire tusen låvesvaler ved Purkebolsvatnet, og vi veit i dag ein god del om vandringsmønsteret til desse fuglane. Det er dokumentert utskifting av svaler mellom Ullevvatnet og Purkebolsvatnet. Dei fleste gjenfunna av fuglar som er merkte ved Purkebolsvatnet er gjort lenger sør i landet, seinare i same sesong, men et par individ har også reist motsett veg og blitt kontrollerte på Sunnmøre ei veke eller to etter at dei vart merkte ved Purkebolsvatnet. Det er flest årsungar som samlar seg slike stader for å overnatte, og då helst flygedyktige ungar frå årets første kull. Dei er

då uavhengige av foreldra, som i august og september er travelt opptekne med å få fram eit nytt ungekull for sesongen. Fuglane frå andrekket er flygedyktige rett før hausttrekket tek til, og det er faktisk ikke uvanleg at enkelte par har reirungar heilt fram til tidleg i oktober.

Låvesvala er den norske sporvefuglen som har lengst trekkroute om hausten. Somme norske svaler overvintrar så langt sør som i Sør-Afrika. Så langt er tre låvesvaler frå Purkebolsvatnet kontrollerte i Sør-Afrika, meir enn 10 000 km i direkte luftline frå merkeplassen.



1. INNLEIING



Purkebolsvatnet ein sein augustkveld. Ein særprega biotop til å liggje i denne delen av fylket, og eit av dei viktigaste viltområda i Austrheim. I takrøyrskogen sentralt i biletet finn vi Noregs største kjende overnattingsplass for låvesvaler, med opptil 10000 - 12000 fuglar på det meste. Også andre fugleartar overnattar i takrøyrskogen her, m.a. linerler, buskskrett, stare og lauvsongar. Foto: Ingvar Grastveit.

BAKGRUNN

Naturområda våre blir i aukande grad utsette for inngrep av ulike slag. Utbygging av bustadfelt, industri og andre naturinngrep utgjer eit stadig større press på areala. I denne samanhengen er det viktig å kunne integrere viltinteressene i planarbeidet. Bakrunnen for å lage eit viltkartverk er først og fremst eit ynskje om at viltinteressene i større grad skal bli tatt omsyn til i arealforvaltinga, mest på lokalt nivå gjennom kommuneplanen sin arealdel, men òg regionalt og nasjonalt. Dei offentlege brukarane av kartverket vil først og fremst vere kommunen, fylkeskommunen, fylkesmannen og Direktoratet for naturforvaltning.

Det er òg eit ynskje at viltkartverket skal vere med å auke kunnskapen og interessa for vilt blant kommunen sine innbyggjarar. Difor er det viktig at kart og viltrapport blir tilgjengeleg for skular og naturinteresserte i kommunen.

Tidlegare viltkart har vore prega av einsidig fokusering på det jaktbare viltet. Dei nye viltkarta er meir omfattande og skal i prinsippet omfatte alle vittlevande landpattedyr, fuglar, amfibium og krypdyr. Dette er i tråd med det såkalla utvida viltomgrepet, jf viltlova §2. Det er ikkje økonomisk mogleg å kartleggje alle funksjonsområde for alle viltartar, det er heller ikkje praktisk forval-

tingsmessig sett. Difor er det i kvar kommune gjort eit utval over kva artar og artsgrupper ein ut frå lokale, forvaltungsmessige omsyn meiner det er viktig å få kartlagt. Typiske døme er særleg viktige vinterbeite og trekkvegar for hjort, hekkeplassar for rovfugl, spellassar for storfugl, sjøfuglkoloniar, våtmarkslokalitetar og spettelier (skogliar med gammal lauv- og blandingskog, eldre ospeholt og god tilgang på daud ved). Førekomst av truga og sårbare artar står sjølv sagt òg sentralt. På denne måten ynskjer ein å kartfeste område som er av særskilt verdi for ulike viltartar, og som ein difor bør ta spesielle omsyn til i arealplanlegginga.

LOVGRUNNLAG

At ein skal ta omsyn til viltet og viltet sine leveområde er grunnfesta i lovverket. Viltlova er den mest sentrale, men fleire andre sektorlover har relevans for viltforvaltinga.

- *Viltlova legg rammer for forvaltninga og utøving av jakt og fangst. Sentralt står føremålsparagrafen, §1, som slår fast at viltet og viltet sine leveområde skal forvaltast slik at naturen sin produktivitet og arts mangfald blir teke vare på. §7 fastset at omsynet til viltinteressene skal innpassast i arealplanlegginga i kommune og fylke. Innpassing av viltinteressene i areal-*

planlegginga krev solid kunnskap om viltet i det aktuelle planområdet. Kunnskapen om ulike funksjonsområde må vere kartfesta, slik at arealplanleggjarar i sitt daglege arbeid kan ta dei naudsynte omsyn. Viltlova fastset øg at ved-kommande styresmakt på eit tidleg stadium i planlegginga skal søke samarbeid med viltorganisasjonane.

- *Plan- og bygningslova* pålegg kommunen m.a. å utarbeide kommuneplanar for arealdisponeringa der alle samfunnsinteresser, også viltinteressene, skal vurderast.
- *Skoglova* legg rammene for bruk og utnytting av skogareala. Lova sitt føremål er å fremje skogproduksjon, skogreising og skogvern, men lova fastslår øg at det skal leggjast vekt på skogen sin funksjon som livsmiljø for planter og dyr og som område for jakt og fiske. I Hordaland er ein relativt liten del av arealet skogkledd (om lag 17%), men skogsmiljøa er viktige viltbiotopar. Forvalting og drift av desse områda er difor svært viktige i viltforvaltings-samanheng.
- *Naturvernlova*. Områdevern og vern av ein-skildobjekt skjer med heimel i naturvernlova. Områdevern er eit viktig verkemiddel for å sikre spesielle naturområde. Særleg viktig i viltsamanheng er opprettinga av sjøfuglreservat og våtmarksreservat.
- *Friluftslova* skal først og fremst avklare forholdet mellom grunneigarar og friluftsfolk, men lova nemner øg at ferdsel i utmark skal føregå omsynsfullt overfor grunneigarar, brukarar og andre. Ein skal difor ta omsyn til viltet ved ferdsel i skog og mark.
- *Lov om motorferdsel i utmark* har som utgangspunkt at motorisert ferdsl i utmark skal vere forbode. Lova sitt føremål er å regulere motorferdsle i utmark og vassdrag "med sikte på å verne om naturmiljøet og fremme trivselen". To tilhøyrande forskrifter av 1988 er øg sentrale her.

INTERNASJONALE KONVENSJONAR

Noreg har ratifisert (underteikna og gitt si tilslutting til) fleire internasjonale avtalar som er sett i verk for å sikre det biologiske mangfaldet. Internasjonale avtalar forpliktar også på lokalt plan, fordi det er her den praktiske forvaltinga finn stad.

- *Ramsarkonvensjonen* (1975) gjeld vern av våtmarksområde, særleg med tanke på fuglar.
- *Washingtonkonvensjonen – CITES* (1975) regulerer den internasjonale handelen med trua og sårbare viltartar.
- *Bernkonvensjonen* (1979) har som føremål å verne europeiske artar av ville dyr og planter, og leveområda deira.

- *Bonnkonvensjonen* (1979) gjeld vern av trua og sårbare viltartar som regelmessig kryssar landegrensene (trekkjande artar).
- *Riokonvensjonen eller biodiversitetskonvensjonen* (1993) legg opp til nasjonale prosessar der partane sjølv må identifisere biologisk mangfald som krev bevaringstiltak. Partane er dessutan forplikta til å utvikle nasjonale strategiar for be-rekräftig bruk og bevaring av biologisk mangfald. Riokonvensjonen er den som i størst grad har konsekvensar på lokalt plan fordi den understrekar verdien av lokalt biologisk mangfald. Denne konvensjonen har truleg vore ei viktig årsak til at den nasjonale forvaltinga ynskjer å satse på ei landsdekkjande, kommunevis kartlegging av biologisk mangfald.

ANDRE SENTRALE DOKUMENT

Fleire dokument utgjevne av styresmaktene er sentrale i forhold til viltforvalting. Gjennom stortingsmeldingane gir styresmaktene uttrykk for korleis ein ynskjer å forme politikken på spesielle område i åra framover. Her uttrykkjer ein gjerne politiske målsetjingar og kva verkemiddel ein vil setje i verk får å nå desse.

- St. melding nr. 13 (1992-93) om FN-konf. om miljø og utvikling i Rio de Janeiro
- St. prp. 56 (1992-93) Om samtykke til ratifisering av konvensjonen om biologisk mangfald
- St. melding nr. 31 (1992-93) Den regionale planleggingen og arealpolitikken
- Miljøverndepartementet sitt rundskriv til kommunane (T-937) "Tenke globalt - handle lokalt"
- St. melding nr.58 (1996-97) Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida.
- St. melding nr. 8 (1999-2000) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand
- St. melding nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfald. Sektoransvar og samordning

KVIFOR SIKRE EIT MANGFALD AV VILTARTAR

Grunnen til at vern av viltet har blitt gjenstand for både internasjonale og nasjonale lovverk og avtalar er mange, men dei fleste er bygde på erkjenninga at vi sjølv er ein del av naturen og heilt avhengige av naturprodukt for å overleve. Grovt sett kan argumenta delast inn i tre hovudgrupper:

Økonomiske- og materielle argument: Menneska har til alle tider vore avhengige av viltet for å overleve, og i nyare tid har viltet mange stader blitt ein viktig økonomisk ressurs. Sjølv om ikkje alle dyreartar er like viktige økonomisk og materielt i dag, kan mange artar truleg bli viktige for oss i framtidia.

Eit genetisk mangfald er òg viktig for menneska si materielle og økonomiske utvikling. Husdyra våre er framavla frå eit fåtal ville artar. Ved stadig seleksjon på enkelte eigenskapar dukkar det nesten alltid opp uforutsette problem, ved at visse uynskte eigenskapar følgjer dei ynskte. Seleksjon på eit fåtal eigenskapar fører òg til tap av genetisk variasjon. Ville populasjonar kan i denne samanheng vere viktig som kjelde til «nytt» genetisk materiale. Genforsking på ville dyr kan òg vere viktig i samband med vidare husdyravl fordi det hjelper oss til å forstå dei naturlege seleksjonsmekanismene.

Kulturelle- og estetiske argument: Storviltjakta kan vere ein økonomisk viktig ressurs, men det er neppe økonomien som er drivkrafta bak jegeren sin motivasjon for å drive jakt. Jakt har lange kulturelle tradisjonar, og det å drive jakt er kanskje òg

ein del av mennesket sin nedarva biologi. Både for jegeren og andre natur- og friluftsinteresserte, er opplevinga av naturen i seg sjølv ofte det viktigaste. Og sjølv om særinteressene er mange (fotografering, ornitologi, botanikk, bærplukking, mosjon osv.), er eit mangfald av viltartar ofte ei kjelde til rikare naturoppleving.

Etiske- og moralske argument: Mennesket er den einaste dyrearten som med fullt medvit kan utrydde andre artar. Dette gir oss eit særskilt ansvar. Mange hevdar at alle levande organismar har den samme retten til eksistens, uavhengig av om dei synes til nytte eller skade for mennesket. Vi har òg eit ansvar i forhold til framtidige generasjonar sine moglegheiter for naturbruk og naturopplevingar.



2. UTFORMING AV VILTKARTVERKET



Sjøfuglane utgjer nokre av dei viktigaste viltressursane i ein kommune som Austrheim. Heilt nord og vest i kommunen ligg Mefjordbåen, som er eitt av dei mest tradisjonelle myteområda for ærfugl i Hordaland. Her samlar ærfuglhannar seg i juli-august for å felle vengefjøra. Ettersom dei feller alle desse fjøra samstundes er dei flygeudyktige i ein periode, og såleis sær sårbar. Dette er grunnlaget for at området vert klassifisert som eit svært viktig viltområde. Foto: Stein Byrkjeland.

PRAKTISKE PROBLEM VED VILTKARTLEGGING

Dei ulike viltartane set ulike krav til leveområda sine. Eit leveområde skal dekke fleire funksjoner, først og fremst næring, hekke-/nglepplass og skjul. Nokre artar er spesialiserte, medan andre artar er meir tilpasningsdyktige og kan finnast i ei rekke ulike biotopar. Enkelte små plante- og insektetarar kan klare seg med leveområde på berre nokre titals kvadratmeter, medan t.d. hønsehauken gjerne brukar eit areal på 20-50 km². Dei store rovdyra er ekstreme i sitt krav til storleik på leveområde. T.d. reknar ein med at ei familiegruppe av gaupe (ho med to ungar) treng eit leveområde på ca. 500 km². Einslege hanngauper kan ha leveområde på opptil 1500 km².

Det som først og fremst avgjer storleiken på leveområdet er næringstilgangen (og sjølvsagt dyret sin storleik og økologiske nisje). Kor stort leveområde eit individ eller eit ynglepar med ungar treng kan variere geografisk, alt etter lokal næringstilgang. For mange artar forandrar krevet til leveområde seg også med årstidene, både når det gjeld storleik og kvalitet.

KVA SKAL KARTLEGGAST?

Momenta nemnde ovanfor gjer viltkartlegginga komplisert og det er umogleg å fange opp alle viktige funksjonsområda for alle artar. Alle artar krev heller ikkje like store omsyn. Ein har difor

gjort eit utval av artar og funksjonsområde som skal kartleggast. Område ein ser det som viktig å få oversikt over i Hordaland er:

- Særleg viktige vinterbeite og særleg viktige trekkevegar for hjort og evt. elg og rådyr. Vinterbeite er berre interessant i kommunar i indre delar av fylket, der snørike vintrar kan skape problem for hjorteviltet.
- Alle funksjonsområde for villrein (kalvingsområde, beiteområde, trekkevegar).
- Viktige funksjonsområde for «sjøfugl» (m.a. viktige hekkeområde og større, årvisse koncentrasjonar i samband med rasting eller overvintring).
- Viktige funksjonsområde for «våtmarksfugl» (m.a. hekkeområde for sjeldne og fåtalige artar, viktige raste- og overvintringsområde).
- Viktige funksjonsområde for spettar («spettleier»). Eldre skog på høg bonitet med godt innslag av eldre lauvtre (særleg osp) og god tilgang på daud ved.
- Spelplassar for storfugl.
- Hekkeplassar for rovfuglar og hubro.
- Viktige funksjonsområde for raudlisteartar.

Nokre funksjonsområda er relativt enkle å avgrense, som t.d. artsrike våtmarksområde, faste hekkeplassar, rasteområde og spellassar. Det er atskillig verre å avgrense ein art sitt leveområde, og ei slik avgrensing vil vere skjønsmessig. Når det gjeld leveområde har ein lagt vekt på å kartfeste område for arealkrevjande og/eller fåtalige artar med spesielle biotopkrav.

Slike artar knyter det seg ofte store forvaltingsmessige utfordringar til fordi leveområda, grunna storleiken, ofte blir utsette for fragmentering. Blant dei mest aktuelle artane i Hordaland er villrein, hønsehauk, storfugl og kvitryggspett.

Andre område som er stabile over fleire år og enkle å kartfeste blir òg gjerne registrerte under viltkartlegginga, slik som hekkekoloniar av gråhegre og sandsvale og reirplassar for ravn. Men desse områda vil vanlegvis ha låg forvaltingsmessig interesse.

UTFORMING AV VILTKARTVERKET

Alle kommunar som har gjennomført viltkartlegging har dei kartfesta opplysningane på digital form. På denne måten kan kartdata lett tilpassast kommunen sitt kartinnsynsverktøy, og kommunen kan framstille kart med ulike tema etter behov.

Å samle alle viltopplysningane på eit kart fører ofte til at kartet blir lite lesbart fordi det inneholder mykje informasjon. Ved utskrift av viltkart er det vanleg å dele informasjonen på fire temakart:

(1) *Hjortevilt*. Oversikt over hjorteviltet sine viktigaste beiteområde og trekkevegar. Når det gjeld beiteområde for hjort kan enkelte vinterbeite vere viktige å få kartfesta. Dette gjeld helst i område i indre strok av Hordaland der det er sannsynlig at tilgang på vinterbeite kan vere ein minimumsfaktor i snørike vintrar.

(2) *Småvilt*. Oversikt over viktige førekomstar og funksjonsområde for småviltet. I praksis dreier denne informasjonen seg stort sett om fuglar. Men spesielt viktige førekomstar av amfibiar kan òg vere viktig å kartfeste (t.d. alle førekomstar av stor salamander og særleg store yngleplassar for frosk og padde).

(3) *Skjerma opplysningar*. Nokre opplysningars er unntake offentlegheit fordi det kan tenkast at opplysningane kan bli misbrukt og at allmen kjennskap til dei kan vere til skade for den aktuelle arten. Dette gjeld m.a. hekkeplassar for enkelte rovfuglartar og spellassar for storfugl og orrfugl. Opplysningane er tilgjengelege for sakshandsamarar i kommunen og hos Fylkesmannen, og vil først og fremst bli nytta i tilfelle der ein står framfor konkrete arealinngrep.

(4) *Prioriterte viltområde*. Dette temaet er framstilt med grunnlag i dei tre andre og viser område der viltet bør ha høg prioritet. Kartet over prioriterte viltområda vil vere det viktigaste når det gjeld å trekke opp dei store linjene i arealplanlegginga.

Ein deler dei prioriterte viltområda i to kategoriar; svært viktige viltområde og viktige viltområde.

Svært viktige viltområde

Dette er område som ut frå artsførekommstar og funksjon blir vurderte å vere spesielt viktige. I desse områda bør viltinteressene bli tillagt avgjerande vekt i arealplanlegginga. Tekniske inngrep som fører til forringing av områda sin verdi for viltet er uynskt. Det same gjeld tiltak som fører til auka ferdsel og uroing i området. Ved planlegging av tiltak eller aktivitetar i slike område er det viktig at viltansvarlege på kommunale- og fylkesnivå blir kontakta tidleg i planprosessen slik at negative konsekvensar blir så små som mogleg.

Viktige viltområde

Også i desse områda bør ein gi viltinteressene høg prioritet i arealsaker. Desse områda har ikkje like avgjerande kvalitetar for viltet som dei svært viktige viltområda. Likevel gjeld dei same retningslinjene her.

Også i områda utanfor dei prioriterte viltområda pliktar ein å ta normale omsyn til viltet (jamfør Viltlova)!

Enkelte område som ikkje har kome med i viltkartlegginga kan likevel ha ein viktig funksjon for viltet. Dette gjeld t.d. område med frodig skog i kantar mot kulturmark, kantskog langs elvar og bekkar, mindre vatn/tjørn og område med rik lauvskog i kulturlandskapet. Sjølv om desse områda ikkje er med på viltkartet, er det viktig å vere klar over verdien slike område kan ha både som leveområde og såkalla spreingskorridorer for viltet.

KORLEIS BRUKE VILTKARTA?

Viltopplysningane kan ha mange bruksområde, men er først og fremst tenkt bruk i kommunal arealforvalting. Oversikta over prioriterte viltområde eignar seg best når dei store linjene i kommuneplanarbeidet skal trekkest. Dei prioriterte viltområda tyder ikkje vern, men bør sjåast på som ein «ver varsam plakat», der ein ønskjer at viltinteressene skal bli tekne særskilt omsyn til. Dersom det likevel skal gjerast større arealinngrep i slike område, bør dei meir detaljerte opplysningane frå dei andre temakarta nyttast for å prøve å gjere konfliktane så små som råd.

I mange tilfelle vil det vere naudsynt med supplerande undersøkingar i forkant av større arealinngrep. Dette gjeld særleg der dei underliggende artsopplysningane er usikre og mangelfulle.

Dei prioriterte viltområda legg ikkje formelle restriksjonar på vanleg næringsverksemde. Men ved planlegging av større inngrep i slike område

oppmodar ein den enkelte grunneigar til å ta særlege omsyn og å rådføre seg med personar med fagkompetanse innan viltbiologi. Også i slike tilfelle vil det ofte vere naudsynt med supplerande undersøkjingar.

VILTRAPPORTEN

Viltrapporten er ein viktig del av viltkartverket. Her finn ein mellom anna ein kort omtale av dei prioriterte viltområda med ei grunngjeving for kvifor dei har fått høg prioritet. I tillegg blir alle dei ulike artane som er registrert i kommunen omtala. Nokre artsomtaler gir viktig bakgrunn for å kunne sette artsinformasjonen på karta i rett perspektiv.

Viltrapporten bør gjerast tilgjengeleg for alle som jobbar med arealplanlegging i kommunen, t.d. teknisk kontor og landbrukskontoret, og kan med fordel delast ut til skular, organisasjonar og interesserte einskildpersonar.

BRUKARAR AV KARTFESTA INFORMASJON OM VILTET

Viltkarta er først og fremst meint å vere ein reiskap til bruk i arealplanlegginga. Kommunen er difor viktigaste brukar, men også anna offentleg og privat forvalting vil kunne bruke desse datasetta i ulike samanhengar. Særleg når det gjeld viktige viltområde i skog, er det viktig at aktuelle grunneigarar blir informert og får tilgang til relevante opplysningar. Skular bør få tilgang til rapport og kart til bruk i lokalundervisninga.

Relevante lag, organisasjonar eller enkelpersonar vil, gjennom kjennskap til kart og rapport, kunne kome med konstruktive innspel til endringar og ny informasjon.

Gjennom Fylkesmannen si miljøvernnavdeling og Direktoratet for naturforvaltning blir datasetta fagleg vurderte og lagt inn i Naturbasen. Naturbasen er ein nasjonal database for kartfesta naturinformasjon som no er tilgjengeleg over internet (www.naturforvaltning.no).

OPPDATERING OG REVISJON AV VILTKARTA

Jamleg oppdatering av viltkartverket er viktig for å 1) påføre ny kunnskap og 2) fange opp eventuelle endringer i viltet sin bruk av arealet, anten det skuldast naturlege endringer eller endringar som følge av tekniske inngrep. Det blir tilrådd ein årleg gjennomgang av viltopplysningane i samråd med Fylkesmannen, for påføring av nye opplysningar og korrektur. Det blir òg tilrådd ein hovudrevisjon kvart fjerde år i samband med revisjon av kommuneplanen.

Ein har hatt avgrensa ressursar til kartleggingsarbeidet og det er viktig å vere klar over at resultatet ikkje er fullstendig. Ved kartfestinga er det gjort skjønsmessige vurderingar, som nok kan vere gjenstand for diskusjon. Gjennom revideringar, som både inkluderer informasjon frå publikum og feltarbeid utført av fagfolk, vonar ein at presisjonen i viltkartverket vil bli betre med tida.

3. METODIKK FOR ARBEIDET I AUSTRHEIM

ORGANISERING AV PROSJEKTET

Viltområdekartlegginga i Austrheim har vore utført parallelt med tilsvarende kartlegging i nabokommunane Fedje og Masfjorden. Såleis har prosjektet hatt ei interkommunal styringsgruppe frå desse tre kommunane, som har vore leia av Solveig Hopen.

Administrativt har det vore løpende kontakt mellom viltkartleggar og Hans Jakob Låstad Lygre i Austrheim kommune samt dei viltansvarlege ved Fylkesmannen i Hordaland.

Registrering og datainnsamling er utført i samarbeid med Bjørn Moe, som har stått bak kartlegging av naturtypar i det same tidsrommet (sjå Moe 2003).

INNSAMLING AV INFORMASJON

Innsamling og kartfesting av viltopplysninga har blitt gjennomført av viltkartleggjar. Følgjande informasjonskjelder er nyttar:

- Områdeopplysningar frå Naturbasen ved fylkesmannen si miljøvernnavdeling
- Intervju med lokale personar med kunnskap om og interesser for viltet i kommunen
- Tidlegare viltkart
- Litteratur
- Eigne feltregistreringar
- Sjøfuglregistreringar i regi av fylkesmannen

Artslista er utarbeidd av fylkesmannen si miljøvernnavdeling på grunnlag av generell kunnskap om fuglefaunaen i kommunen, opplysningar frå Zoologisk Museum Bergen og gjennomgang av litteratur. Mykje opplysningar er funne ved gjennomgang av *Krompen*, Norsk Ornitoligisk Forening sitt regionaltidsskrift for Hordaland.

KARTFRAMSTILLING

Vurdering av grenser og verdisetjing av viltområda er gjort i samarbeid mellom viltkartleggar og Fylkesmannen si miljøvernnavdeling.

Manuskarta er digitaliserte av Fylkesmannen i Hordaland etter manuskart i målestokk 1:50 000 utarbeidd av viltkartleggar. I nokre tilfelle er det nytta digitale markslagskart ved vurdering av områdegrenser.

Den generelle metoden for kartframstilling er skildra i DN-handbok 11 (DN 1996). Her legg ein opp til at karta over prioriterte viltområde blir framstilt ved såkalla overlayanalyse. Denne metoden er av praktiske grunnar ikkje brukt i Austrheim. Her er avgrensinga av prioriterte viltområde gjort med fagleg skjøn, på grunnlag av opplysningar om artsførekomstar og kunnskap om dei aktuelle artane sine habitatkrav.



Lynghei under attgroing, her frå Bakkøyna sett mot Mongstad — fotografert 1997. Foto: Stein Byrkje-land.

4. NATURGRUNNLAGET

GEOGRAFISK PLASSERING OG AREALBRUK

Austrheim kommune ligg lengst nord og ytst i Hordaland, og grensar mot Fensfjorden i nord og meir skjerma fjordområde i sør. Naturgeografisk er det naturleg å sjå kommunen i samanheng med nordre delar av Lindås, og forsåvidt også nabokommunen Radøy, ettersom det er desse tre kommunane som omkransar det særprega fjordsystemet Lurefjorden. Politisk er det oftare eit samarbeid over kommunegrensene med Fedje og Masfjorden, og det er også desse kommunane som samarbeider om dette viltkart-leggingsprosjektet.

Austrheim er den nest minste kommunen i Hordaland med eit totalareal på berre 55,9 km². Av dette er 6,3 km² jordbruksareal i drift og 7,0 km² produktiv skog. Det er etter måten lite ferskvassareal i Austrheim, og kystvassdraga i denne lågliggjande delen av fylket er relativt små. Strandsona er derimot langt meir framtredande, og kommunen har fleire høgt prioriterte marine gruntvassområde, som er viktige for fleire viltartar.

LANDSKAP OG GEOLOGI

Med Liteleåsfjellet (109 m o.h.) som einaste unnatak, ligg alt areal i Austrheim lågt og høyrer geologisk sett til strandflata. Det aller meste låg under havnivået under siste istid. Store delar av landarealet i Austrheim har vore prega av llyngheti i lange tider og er det forsåvidt enno, men mykje av denne llynghelia er i dag i ferd med å gro att, samstundes som det har gått føre seg innplanting av sitkagran i vesentleg omfang her i etterkrigstida.

Det er generelt lite lausmassar i Austrheim. Geologisk sett vert kommunen dominert av fast fjell i dagen, men sentralt på Fosnøy og også i austre delar av kommunen finst stadvis eit tynt, usamanhengande dekke av morenemateriale. Det finst og ein del torv og myr. Berggrunnen består i hovudsak av ulike typar gneis, samt overvekt av kvit, aluminiumsrik anorthositt i nordvestre del av kommunen. Austrheim utgjer den nordre delen av den geologiske strukturen som går under nemninga Bergensbogane.

KLIMA

Klimaet i Austrheim er i høg grad oseanisk. Der skog kan vekse her, må der vere livd for vind og rimeleg høg sommartemperatur. Særleg vår og sommar, i godversperiodar med solskin, kan ly mot nordvesten gje store utslag i oppvarminga. Berre i kortare periodar kan det vere minusgrader om vinteren, og vekstsesongen er såleis lang. Den gjennomsnittlege døgntemperaturen kjem sjeldan under 2 grader om vinteren og over 14 grader om sommaren. Vekstsesongen er frå midten av april til siste halvdel av november. I stille høgtrykksituasjonar om sommaren kan det kome inn havskodde over det meste av kommunen. Årsnedbøren er mellom 1500 og 1700 mm, og talet på nedbørddagar er om lag 200.

VEGETASJON

Vegetasjonsgeografisk høyrer Austrheim til den såkalla boreonemorale vegetasjonssone (Moen 1998), sterkt oseanisk seksjon, som krev eit vintermildt klima. Heilt fram til 1950-talet var landskapet i Austrheim ope, men skogplanting og omlegging av driftsformer i landbruket har seinare ført til store endringar. Lyngsviing og utmarksbeite er langt mindre viktig enn før, og dermed breier skogen seg utover. Dei mange felta av sitkagran som vart planta i 1960-åra har no vaksen til høge tre. Med tida vil oppslag av bjørk, rogn og furu tette til dei opne områda mellom granfelta. Likevel finst framleis område der attgroinga ikkje har kome skikkeleg i gang. Både på delar av Fosnøyna og på dei mange øyane i den vestre delen av kommunen finst det framleis opne llyngheliområde.

I sørvende skråningar, gjerne der det er steinur, finst mange stader små hasselkratt. Truleg er dette gamle bestand som har unngått lyngbrannane. I slike skråningar er ofte jordbotnen rikare på plantenæringsstoff enn i områda omkring, og saman med hassel finn ein andre meir næringeskrevande plantar som kusymre, myske, storfrytle, hengeaks og fingerstorr. I tillegg er det ofte ein rik lav- og moseflora slike stader. I den vestre delen av kommunen kan ein mange stader finne purpurlyngdominerte heiar i slike sørvende skråningar. I vest veks og andre typiske kystplantar som vestlandsvikke, hinnebregne og fagerperikum.

5. SKILDRING AV VILTOMRÅDA I AUSTRHEIM

Trass i avgrensa storleik i landareal, har Austrheim etter måten mange viktige viltområde. Fleire av dei viktigaste er heilt eller delvis knytt til kystsona, særleg med funksjon for sjøfugl og vilt som er avhengig av grunne strender. Dette er det vanlege i slike utprega kystkommuner. Ettersom Austrheim langt på veg vert utgjort av øyar, har ikkje spesielt mange pattedyr makta å etablere seg naturleg i store delar av kommunen. For somme artar kan det framleis vere eit betydeleg spreiingspotensiale — utviklinga i bestanden av hjort er eit godt døme på det.

Gjennom viltkartlegginga er det avgrensa 26 prioriterte viltområde i Austrheim: 6 særleg viktige og 26 viktige viltområde. I det følgjande blir kvart einskild viltområde gitt ein kort omtale. Nummeret på det einskilde viltområdet refererer til områdenummeret på viltkartet (Vedlegg II).



Notholmen fekk status som sjøfuglreservat ved kgl. res. i 1987 ettersom staden var hekkeplass for terner tidleg på 1980-talet. Området har framleis same status etter naturvernlova, men det er lenge sidan det hekka terner her. Dette er eit utslag av at bestandsutviklinga har vore negativ for mange sjøfuglartar i Hordaland dei siste tiåra. Såleis er Notholmen ikkje markert som prioritert viltområde i denne rapporten.

I Austrheim finst 4 naturreservat som vart oppretta i 1987 ettersom dei var viktige hekkekoloniar for sjøfugl den gongen. Somme vil sikket undre seg over at to av desse — Notholmen og Låge Islendingen — ikkje er omtalt som prioriterte viltområde i denne rapporten. Grunnen er at desse områda i dag ikkje har hekkande fugl i kolonipreg, og ikkje har hatt dette på ei årrekke. Også eit tredje reservat — Kuøyna/Teistholmen — har mista mykje av sin opphavlege funksjon for sjøfuglane, men framleis finst her såpass mykje fugl at det vert vurdert som eit viktig viltområde.

SVÆRT VIKTIGE VILTOMRÅDE

Område 1. Mefjordbåen

Området er kjent som ein klassisk mytelokalitet for ærfuglhannar i juli-august. Første oppteljing som ligg føre er frå 1984, då det vart funne 400 ærfugl her (Håland 1985). Seinare takseringar har vist 140 ind. i 1999, 176 ind. i 2000 og 555 i 2002 (Byrkjeland 2001, 2002). Nest etter to store område sør i Bømlo og ved Møkster i Austevoll, er Mefjordbåen det viktigaste myteområdet for arten i Hordaland, med vel 3 % av den totale mytebestanden pr. 2002.

Også utover hausten og gjennom vinteren vert dette området mykje nytta av ærfugl (maks. 700 ind. 1.2.2001). I periodar er her også flokkar på fleire hundre individ av svartand — maksimalt 600 ind. den 5.1.2001 (S. Byrkjeland). Denne dagen var det også 30 sjørre i området. Funksjonen til svartanda er noko uviss, men Mefjordbåen er utan tvil eit godt overvintringsområde for arten samstundes som det kan ha funksjon som myteområde. I alle fall er det ikkje uvanleg å sjå brunfarga svartender om sommaren, som mest truleg er ikkjehekkande fuglar, men som også kan vere her i mytetida.

Område 2. Grunnosen

Grunt marint område med sandbotn. Godt skjerma i urolege vertilhøve, difor attraktivt overvintringsområde for sjøfugl som prioritérer slike miljø. Grunnosen er det beste einskildområdet for overvintrande silender i Austrheim, og også eitt av dei aller beste i Fensfjordkomplekset. Normalt vert 40-50 ind. registrert her, stundom kan det truleg vere vesentleg fleire. I periodar kan her også vere godt med kvinand (inntil 56 ind. er registrert), og staden er ein av svært få i denne delen av fylket der ein kan pårekne å treffe på artar som gråstrupedukkar (rett nok i små mengder). Mest truleg inngår også Grunnosen i eit næringssøksområde for oter, og arten skal ha yngla på Børilden (T. Dale). I næringssamanheng har det vore drøfta å nytte Grunnosen for produksjon av kamskjel. Dette treng ikkje vere negativt for viltinteressene avhengig av kva form denne aktiviteten eventuelt vil få, men ein kan sjå for seg at slik skjelproduksjon kan trekke til seg andre sjøfuglartar som i dag ikkje nyttar Grunnosen så mykje (m.a. ærfugl og sjørre), og såleis skape konflikt.

Område 3. Purkebolsvatnet

Våtmarksområde med allsidige kvalitetar. Takrøyrskogen her utgjer Noregs aller største overnattingsplass for låvesvale, med mengder på opp til 10000-12000 ind. på det meste (sep-



Svalanda er ein norsk raudlisteart. I Austrheim er arten periodevis vanleg, men mest heile bestanden er å finne kring Mefjordbåen i Fensfjorden. Stundom finst det flokkar på fleire hundre individ her, helst vinterstid, men også på forsommaren. Foto: Stein Byrkjeland.

tember 1997). Same biotop har også overnatningsfunksjon for stare, linerle og lauvsongar delar av hausten. Truleg er det massiv førekommst av knott gjennom delar av hausten som er det viktigaste grunnlaget for at desse artane kjem hit for å overnatte. I granskogen tett attmed ligg ein mindre hekkekoloni for gråhegre (inntil 5-6 par i 2002). Fleire par sivsongar hekkar, og vatnet er også hekkestad for brunnakke og krikkand. Purkebolsvatnet inngår i eit leveområde for oter, og arten er sett her ved fleire høve. Sjå også Byrkjeland (1999).

Område 4. Leirvågen

Hordalands største «marsk»-område, der sjøen ved springflo når langt oppover land. Området representerer ein naturtype som berre finst i svært sparsamt monn på Vestlandet, men som er langt meir vanleg sørover i Europa. Lokalitten vart faktisk først oppdaga av biologar i 1999, men før denne tid hadde kvartærgeologar studert sedimenta allereie på 1970-talet og Ottar Johansen hadde registrert fuglelivet her i 1982. Elvesletta her er saman med Herdla einaste kjende stad i låglandet i Hordaland der sandlo hekkar (inntil 3 par årleg), og her finst også ein god hekkebestand av vipe og raudstilk. Nokre få par grågås hekkar her, og arten nyttar tydelegvis også staden som myteområde. Kulturlandskapet innanfor (sjå område 13) har fleire viktige kvalitetar — herunder eit rikt dyreliv. Vanlege hekke-

fuglar her er låvesvale, vipe og storospove, og her finst kanskje Hordalands rikaste bestand av tornirisk. Det er naturleg å sjå område 4 og 13 i samanheng, ettersom dei grensar til kvarandre og utfyller kvarandre. Elvesletta fungerer som ein «magnet» for regionalt uvanlege artar i trekktidene, t.d. er sørleg gulerle, grønstilk, stjertand og vinterle sett her.



Vaulen sommaren 1997. Området er kanskje det viktigaste myteområdet for brunnakke i fylket. Foto: Stein Byrkjeland.

Område 5. Vaulen

Myteområde for inntil 15-20 brunnakke (den lokale bestanden?). Vaulen er dessutan eit eigena og mykje nytta næringssøksområde for krikkand, stokkand, kanadagås og gråhegre. Kulturlandskapet SV for området held ein god bestand av tornirisk og bergirisk.



Stridholmen naturreservat i Lurefjorden. I dag finst den nest største måsekolonien i Austrheim her, etter Kjørholmane.

Område 6. Stridholmen

Naturreservat, oppretta i 1987 gjennom verneplan for sjøfugl. I utgangspunktet ein god hekkeplass for sildemåse (70 par i 1980) og fiskemåse (20 par i 1980). I ettertid er bestanden av sildemåse meir enn halvert og fiskemåsen er mest heilt fråverande somme år, men det har etablert seg nokre tital par med hekkande gråmåse på holmen i staden (Byrkjeland 1993, 1999). I tillegg hekkar det i dag fleire par grågås og ærfugl på Stridholmen. Her skal også finnast ein uvanleg tett bestand av hoggorm, i alle fall var det slik då oppsynet ved eit høve gjekk i land her ca. 1996 (H. Bjordal, J. Sætre).

VIKTIGE VILTOMRÅDE

Område 7. Kuøyna

Naturreservat sidan 1987, som eigentleg vart oppretta på grunnlag av hekkebestanden av gråmåse, som telte 100 par i 1979 (Fylkesmannen i Hordaland 1980). Denne førekomensten er i dag kraftig redusert (Byrkjeland 1993, 1999), men staden har fått ein stadig viktigare funksjon som hekkeplass for grågås. Det er noko usikkert

kor stor hekkebestanden av denne arten no er, men truleg snakkar vi om meir enn 5 par.

Område 8. Teistholmen

Var i alle fall tidlegare (pr. 1979) hekkestad for ein liten bestand teist, samt ein koloni på kring 40 par gråmåse (Fylkesmannen i Hordaland 1980). Dette er grunnen til at staden vart verna som naturreservat i 1987, men teisten har neppe hekka etter den tid og heller ikkje måsen har hekka i kolonipreg (Byrkjeland 1993, 1999). Bestanden av teist har generelt vore svært låg i Hordaland dei siste tiåra, men no synest tilbakegangen å ha snudd til ein svak oppgang att. Det er såleis ikkje utenkeleg at Teistholmen kan få att noko av sin opphavlege funksjon.



Teistholmen 1994.

Område 9. Vetegjøgraskjeret

Ein lokalitet der det stundom (men ikkje alltid) kan vere store og konsentrerte flokker med ærfugl vinterstid. På det meste 430 ind. 4.2.2001 (S. Byrkjeland).



Kuøyna naturreservat, fotografert sommaren 1994. I utgangspunktet var dette ein god hekkekoloni for gråmåse, men denne bestanden er kraftig redusert i dag. Derimot har hekkebestanden av grågås teke seg opp dei seinare åra.

Område 10: Langskjeret - Senoksen

Overvintringsområde for sjøfugl. Viktigaste artar er storskav, toppskav og havelle, samt noko ærfugl. Skarven har fleire kvileskjer i dette området. I den grad toppskarven skulle ta til å hekke i Austrheim, vert nokre av holmane i dette området vurdert som den mest potensielle plassen. Holmane kring Lyngoksen og Senoksen bør sjekkast for dette om 3-4 år.

Område 11. Kjørholmane

Hekkekoloni for gråmåse (mest) og svartbak, truleg også noko sildemåse. Kolonien var neppe aktiv i 1979 då registreringsarbeidet for sjøfuglverneplanen vart gjort, såleis er staden ikkje underlagt vern etter naturvernlova. Det vart registrert vel 200 stormåse her den 2.3.1999 (S. Byrkjeland), og også seinare registreringar dette og dei påfølgjande åra tyder på at Kjørholmane i dag er mellom dei mest livskraftige måsekoloniene i heile Hordaland.

Område 12. Børilden nord

Overvintringsområde for sjøfugl. Området har ein god bestand av særleg havelle og til dels storskav, tidvis også ærfugl og alkefugl. Området er svært eksponert og såleis lite eigna for ein del sjøfuglartar som ikkje er nemnt ovanfor. Områda nord og nordvest for Børilden må sjåast i samanheng med Grunnosen som ligg kort veg herifrå. Grunnosen kan fungere som eit refugium for somme artar sjøfugl i perioder med vedvarande dårleg ver.

Område 13. Kulturlandskap ved Leirvågen

Kulturlandskap med viktige kvalitetar for viltet, med mange funksjonelle kantsoner og nærliek til rike våtmarksområde. Området har eit allsidig, rikt og dels spesielt dyreliv. Vanlege hekkefuglar her er låvesvale, vipe og storspove, og her finst kanskje Hordalands rikaste bestand av tornirisk. I dette landskapet heldt det seg ei åkerrikse (kanskje 2 ind.) i mai/juni 1999, og ifølgje lokale kjelder skal arten ha vore hørt her fleire andre år på 1990-talet. Åkerriksa er stort sett fráverande som hekkefugl i Noreg i dag, men dersom endringar i landbruket fører til at den negative trenden for arten snur, vil nettopp slike kulturlandskap bli viktige i framtida dersom dei ikkje vert utsette for omfattande endringar.

Område 14. Kaland

Lyngheiområde som enno ikkje er så sterkt prega av attgroing. Hekkeområde for storspove, truleg to par pr. 2002. (Ikkje alle hekkeområda for storspova i Austrheim er innteikna på viltkartet). Lyngheia her er også i periodar tilhaldsstad for orrfugl, og også hjort frekventerer staden.

Område 15. Altersvatnet og Ævatnet

Våtmarksområde, som for fleire viltartar heng naturleg saman med Purkebolsvatnet. Desse vatna er viktigare som hekkestad for brunnakke, stokkand og krikkand enn sjølve Purkebolsvatnet, og også fleire par grågås hekkar her. Ævatnet er ofte nytta som næringssøksområde for songsvaner vinterstid.

Område 16. Klebakkvatnet

Takrøyrbiotop som heng naturleg saman med Purkebolsvatnet (område 3), og som har utfyllande funksjonar saman med dette området. Såleis vert Klebakkvatnet mykje nytta av låvesvalene i Purkebolsvatnet for næringssøk og rasting før dei sler seg endeleg til ro for natta, men sjølve overnatningsplassen ligg i Purkebolsvatnet. Også Klebakkvatnet inngår i leveområdet for oter. Til ei viss grad er også vatnet opphaldsstad for grasender.

Område 17. Elva frå Purkebolsvatnet

Denne elva bind Purkebolsvatnet saman med sjøen. Når dette arealet er uthøva som viltområde, kjem det av at dette er korridoren som oteren nyttar mellom sjøen og vatnet. Oteren har heilt sikkert eit større areal i strandsona som inngår i leveområdet, men som ikkje er uthøva som viltområde, ettersom dette er mest uråd å kartfeste. Dei strandnære områda er nok viktigast for oteren, særleg der den har stabil tilgang til ferskvatn året rundt. Vassdraget er dessutan sjøaureførande.

Område 18. Tjørn sør for Fonnes

Lita, men frodig våtmark. Sannsynleg hekkestad for brunnakke og krikkand, samt for artar som sivsongar og sivsporv. Betre dokumentasjon er ønskjeleg.

Område 19. Øksnes

Leveområde for oter. Dagleie for ungekull funne sommaren 2001 (B. Moe). Eit leveområde for oter er vanskeleg å avgrense, og det er neppe tvil om at oteren nyttar eit vesentleg større område enn det som er innteikna på kartet. Det er uvisst om dette området har stabil førekommst av oter, men kystsona her verkar veleigna.

Område 20. Åråsvatnet

Våtmarksområde av ganske frodig karakter. Sannsynleg hekkeområde for m.a. brunnakke, toppand, krikkand, stokkand, raudstilk og enkeltbekkasin.

Område 21. Solevatnet

Ei av dei største ferskvassvåtmarkene i Austrheim. Hekkestad for nokre par grasender (truleg også brunnakke), og også ein stad der små flokkar av songsvaner gjerne held seg vinterstid.



Solevatnet er mellom dei meir frodige våtmarkene i Austrheim. Staden vert vurdert som ein viktig viltbiotop, sjølv om bestandane av våtmarksfuglar nok er avgrensa. Biletet er teke 1997. Foto: Stein Byrkjeland.

Område 22. Lindåsvatnet

Lite, men frodig våtmarksområde, dels omgjeve av kulturbeite. At vatnet er så frodig skuldast langt på veg tilsig frå jordbrukskulturen. Få detaljar er kjent om denne staden, men truleg er lokaliteten levestad for fleire artar våtmarksfugl som er typiske for denne delen av Vestlandet. Sivsongar er og registrert (S. Byrkjeland), og meir målretta undersøking i mai/juni ville ikkje usannsynleg resultere i at andre artar av kjerrsongarar vart påviste — somme år. I den grad den negative trenda for åkerrikshaugen skulle snu i Noreg, vil truleg nærområda til dette vatnet vere ein vel-eigna stad for arten å kunne reetablere seg.

Område 23. Littlelindåstangane

Ophavleg eit llynghiområde, som nok er meir prega av attgroing og skogplanting enn godt er. Inngår truleg som ein viktig del av eit leveområde for eit hubropar. Også storspove held til i dette området, og strandsona er mykje nytta av gråhegre for næringssøk. Vinterstid er det gjerne ein del ulike sjøfuglartar som oppheld seg like utanfor tangane (sjeldan i spesielt store mengder), samt at mellomstore flokkar av fjørreplitt og steinvendar ikkje er sjeldan å sjå her på denne tida.

Område 24. Solvang

Området er i dag eit av dei største samanhengande llynghiområda i denne delen av Nordhordland som enno ikkje er så sterkt prega av attgroing. Såleis har området vore ein levestad for storspove i mange år, også i den perioden på 1980- og tidleg på 1990-talet då den vesteuropeiske bestanden var låg på grunn av hardt jakttrykk i vinterområda. Førlandsvatnet huser noko våtmarksfugl, men ikkje i så store mengder. Området fungerer også som jaktområde for hønsehauk (J. Suren). Ei meir detaljert kartlegging av dette området ville vere å ynskle.

Område 25. Vardholmen - Vardholmskjeret

Sjøområda kring desse holmane eit av dei beste i kommunen for sjøfugl vinterstid, då primært for storskarv og havelle.

VIKTIGE TREKKVEGAR FOR HJORT

Etter den nasjonale rettleiaren for viltkartlegging (Direktoratet for naturforvaltning 1996) skal dei viktigaste trekkvegane for hjort kartleggast i kvar kommune. Tanken er god, men ofte vanskeleg å gjennomføre på eit rasjonelt grunnlag. I ein kommune som Austrheim, med lite relief og få fysiske hindringar i landskapet, har kartlegging av trekkvegane avgrensa verdi. I røynda ferdast hjorten stort sett der det er mogleg i eit slikt landskap, det som mest avgrensar hjorten si vandring er konsentrert busetjing og område med industriverksemeld eller uroande aktivitet på anna vis. Men sjølv omfattande industriverksemeld treng ikkje vere så avgjerande så lenge det finst attraktive beiteområde i nærleiken — det er industriområdet på Mongstad eit godt døme på.

Blokkering av vitale trekkvegar er neppe nokon avgrensande faktor for hjorten i Austrheim i dag, og vil neppe verte det i overskueleg framtid heller. Hjorten har i røynda tilgang til mest alle holmar i kommunen. Den vil kunne ha visse vanskar med å ta seg over sund med sterkt straum, men i dag er det bygd bruer til svært mange øyer og holmar i Austrheim, og hjorten har sjølv sagt visst å ta i bruk desse. Turløypa i Hoplandsmarka skal ha avgrensa hjorten sin bruk av området sør for løypa, og slike tiltak andre stader i framtida vil nok kunne ha innverknad på hjorten sin arealbruk, t.d. ved oppsplitting av større, samanhengande leveområde.

Den andre eininga for kartlegging av hjorteområde etter den nasjonale rettleiaren er vitale vinteroppahaldsområde. I ein kommune som Austrheim, med lite sno om vinteren og små topografiske skilnader, er det liten eller ingen skilnad på eit vinterområde for hjorten og det arealet den nyttar til andre årstider. Det vil i røynda vere vanskeleg å nytte hjorteområde i kommunen i praktisk kommunal planlegging. Dette er årsaka til at leveområda for hjorten har fått låg priorititet på viltkarta i denne rapporten. Hjorten er ein viktig viltart i Austrheim i økonomisk samanheng, men den greier seg for tida godt og vil venteleg også gjøre det i overskueleg framtid uavhengig av andre aktuelle lokale aktivitetar og planar.

6. TRUA OG SÅRBARE ARTAR I AUSTRHEIM

GENEREKT OM TRUGA OG SÅRBARE ARTAR

Mange plante- og dyreartar er naturleg sjeldne, men mange er i tilbakegang som følgje av menneskeleg aktivitet. Her er lista opp nokre viktige typar trugsmål mot biologisk mangfald:

Handel med ville dyr blir rekna som den tredje største illegale marknaden på verdsbasis. Særleg i tropiske land kan samling vere eit problem for allereie fåtalige artar. I vårt land er slik ulovleg handel i første rekke knytta til rovfuglar og kanskje særleg vår største falk; jaktfalken.

Intensiv jakt eller forfølging har ført til at enkelte dyreartar har blitt utrydda eller gått kraftig tilbake. Døme frå vårt land er fjellrev og dei store rovdyra gaupe, ulv, bjørn og jerv.

Miljøgifter utgjer eit alvorleg trugsmål mot enkelte artar. Rovdyr er spesielt utsette, fordi giftstoffa blir meir konsentrerte for kvart ledd i næringskjeda. Vandrefalken er eit klassisk døme på dette: Bruk av DDT i landbruket førte til at vandrefalken fekk problem med reproduksjonen (eggskalfotynning), og bestanden gjekk kraftig tilbake. Etter at bruken av DDT vart forbode har bestanden teke seg opp att og er framleis i vekst.



Vandrefalk. Foto: Ingvar Grastveit.

Innføring av framande artar. På mange av Stilehavssøyane står mange bakkerugande fugleartar i ferd med å forsvinne som ei følge av introduksjon av katt og rotter. I vårt land er minken eit døme på introduksjon av ein art som har fått ueheldige følgjer (Minken er opprinnleig ein nordamerikansk art som vart importert til Noreg som pelsdyr). Mange sjøfuglkoloniar på øyar nær fastlandet lid periodevis store tap grunna minken sin predasjon på egg og ungar.

Øydelegging av naturtypar og leveområde. Det hjelper lite å verne artar dersom ein samtidig ikkje vernar områda artane er avhengige av. Her i landet er problemstillinga først og fremst aktuell i samband med reduksjon i arealet av våtmark og gammalskog og bortfall av enkelte kulturlandskapstypar som følge av endra driftsformer i landbruket.

Innføring av framande artar og øydelegging av leveområde blir rekna som dei største trugsmåla mot biologisk mangfald.

RAUDLISTER

For å oppnå større fokus på artar som er sjeldne, truga eller i tilbakegang, er det utarbeidd spesielle oversikter over slike artar, med ei vurdering av dagens bestand og bestandsutvikling. Det er dette som blir kalla raudlister. IUCN (International Union for the Conservation of Nature) gir ut slike lister på verdsbasis og mange land har gitt ut nasjonale raudlister. Den offisielle norske raudlista blir utgitt av Direktoratet for naturforvaltning. Dei siste åra har også enkelte fylkesmenn utgitt fylkesvise (regionale) raudlister. Meininga med slike raudlister er å rette fokus på regional bestandssituasjon og dermed sikre at tiltak blir gjennomført for å sikre levedyktige bestandar også på lokalt og regionalt plan. Nokre artar på den nasjonale raudlista kan vere relativt vanlege regionalt og lokalt. I slike tilfelle har det aktuelle fylket eller den aktuelle kommunen eit særskilt forvaltingsansvar. Ei raudliste kan også innehalde artar som er i framgang, men som i nær fortid har hatt sterkt reduserte bestandar (t.d. havørn).

Raudlistene må reviderast relativt ofte etter kvart som kunnskapen om artane aukar (situasjonen for enkelte artar kan også endre seg relativt raskt). Nasjonale raudlister blir gjerne reviderte kvart femte år. Raudlista denne rapporten byggjer på er *Nasjonal rødliste for truede arter i Norge 1998* (DN 1999). Det er også utarbeidd ei regional raudliste for Hordaland: *Handlingsplan for truete og*

Tabell 1. Raudlista viltartar i Austrheim.

| Status i Noreg | Art | Førekomst i Austrheim | Moglede lokale trugsmål |
|----------------------|----------------|--|--|
| Direkte trua (E) | Åkerrikse | Tidlegare fast hekking, no svært sjeldan | <ul style="list-style-type: none"> • Tidleg slått |
| | Sørleg gulerle | Tilfeldig | - |
| Sårbar (V) | Hønsehauk | Fåtalig hekkefugl | <ul style="list-style-type: none"> • Reduksjon av eigna skog for hekking |
| | Vandrefalk | Truleg regelbunden, men fåtalig | <ul style="list-style-type: none"> • Faunakriminalitet • Drukning i fiskegarn • Næringsvikt • Akutt ureining av kystområde • Feilaktig artsbestemt ved jakt |
| | Lomvi | Regelbunden vintergjest | <ul style="list-style-type: none"> • Kraftliner |
| | Hubro | Sannsynleg hekkefugl | <ul style="list-style-type: none"> • Kraftliner |
| | Snøugle | Tilfeldig gjest | - |
| | Vendehals | Tilfeldig gjest, tidlegare vanleg? | <ul style="list-style-type: none"> • Mangel på eigna habitat? |
| Sjeldan (R) | Songsvane | Regelbundel vintergjest | <ul style="list-style-type: none"> • Kollisjon med kraftliner |
| | Stjertand | Tilfeldig trekkgjest | <ul style="list-style-type: none"> • Bortfall av grunne ferskvassområde |
| | Kongeørn | Regelbunden gjest? | - |
| | Vannrikse | Truleg regelbunden vintergjest | <ul style="list-style-type: none"> • Bortfall av viktige ferskvassområde |
| Omsynskrevjande (DC) | Smålom | Tilfeldig gjest | <ul style="list-style-type: none"> • Drukning i fiskegarn • Kollisjon med kraftliner |
| | Havørn | Fåtalig hekkefugl | <ul style="list-style-type: none"> • Uroing på hekkeplass |
| | Lunde | Regelbunden (?) vintergjest | <ul style="list-style-type: none"> • Drukning i fiskegarn |
| | Gråspett | Tilfeldig gjest | <ul style="list-style-type: none"> • Ulovleg felling |
| Bør overvakast (DM) | Bergand | Sjeldan vintergjest | - |
| | Havelle | Vanleg vintergjest | <ul style="list-style-type: none"> • Drukning i fiskegarn |
| | Svartand | Fast vintergjest, stundom talrik | <ul style="list-style-type: none"> • Akutt ureining av kystområde • Akutt ureining av kystområde • Akutt ureining av kystområde |
| | Sjørre | Truleg regelbunden vintergjest | <ul style="list-style-type: none"> • Drukning i fiskegarn • Konflikt med akvakultur |
| | Teist | Tidlegare hekkefugl, no fåtalig | <ul style="list-style-type: none"> • Predasjon frå mink • Akutt ureing av kystområde |
| | Piggsvin | Vanleg yngleart | <ul style="list-style-type: none"> • Mangel på trafikkultur • Konflikt med akvakultur • Forveksling med mink |
| | Oter | Fast yngleart | <ul style="list-style-type: none"> • Drukning i fiskegarn og ruser |

Tabell 2. Norske ansvarsartar i Austrheim

| Årstid | Art | Norsk del (%) av europeisk bestand | Førekomst i Austrheim |
|---------------|---------------|------------------------------------|---|
| Hekkebestand | Havørn | 45 | <ul style="list-style-type: none"> • Fåtalig hekkefugl |
| | Myrsnipe | 55 | <ul style="list-style-type: none"> • Regelbunden trekkgjest |
| | Raudstilk | 35 | <ul style="list-style-type: none"> • Fåtalig hekkefugl |
| | Svartbak | 31 | <ul style="list-style-type: none"> • Vanleg hekkefugl, men ingen koloniar |
| | Krykkje | 40 | <ul style="list-style-type: none"> • Regelbunden gjest utanom hekketid |
| | Lunde | 33 | <ul style="list-style-type: none"> • Regelbunden vintergjest, fåtalig |
| | Skjerpiplerke | 88 | <ul style="list-style-type: none"> • Truleg vanleg hekkefugl |
| | Bergirisk | 59 | <ul style="list-style-type: none"> • Vanleg hekkefugl |
| Vinterbestand | Storskav | 30 | <ul style="list-style-type: none"> • Vanleg vintergjest |
| | Toppskarv | 25 | <ul style="list-style-type: none"> • Forholdsvis vanleg vintergjest |
| | Siland | 30 | <ul style="list-style-type: none"> • Vanleg, både hekkefugl og om vinteren |
| | Fjøreplytt | 60 | <ul style="list-style-type: none"> • Regelbunden vintergjest |
| Heile året | Oter | Minst 25 | <ul style="list-style-type: none"> • Ekspanderande yngleart |

sårbare viltarter i Hordaland (Danielsen 1996). Dei ulike kategoriane ein finn i den siste utgåva av den nasjonale raudlista er definerte under.

Utrydda - Ex (Extinct)

Artar som har forsvunne som reproduserande i landet. Omfattar vanlegvis artar som ikkje har vore påvist dei siste 50 åra. "Ex?" angir artar som har forsvunne for mindre enn 50 år sidan.

Direkte trua - E (Endangered)

Artar som står i fare for forsvinне i nær framtid dersom dei negative faktorane fortset å virke.

Sårbar - V (Vulnerable)

Artar med sterk tilbakegang, som kan gå over i gruppa direkte trua dersom dei negative faktorane fortset å virke.

Sjeldan - R (Rare)

Artar som ikkje er direkte trua eller sårbare, men som likevel er i ein utsett situasjon, fordi dei er knytt til eit avgrensa geografisk område eller ein liten bestand med spreidd og sparsam utbreiing.

Omsynskrevjande - DC (Declining, care demanding)

Artar som ikkje tilhøyrer føregåande kategoriar, men som grunna tilbakegang krev spesielle omsyn og tiltak.

Bør overvakast - DM (Declining, monitor species)

Artar som har gått tilbake, men som ikkje vert rekna som trua. For desse er det grunn til å halde eit auge med bestandssituasjonen.

Ansvarsartar

Ei raudliste inneholder også ei oversikt over såkalla ansvarsartar. Dette gjeld artar som det aktuelle landet har eit spesielt forvaltningsansvar for, fordi store delar av bestanden på gitte tidspunkt oppheld seg i landet. Ansvarsartar treng ikkje vere sjeldne eller truga. Døme på norske ansvarsartar som er vanlege i Austrheim er svartbak og bergirisk.



Bergirisken er ein norsk ansvarsart som er vanleg mange stader i Austrheim. Foto: Ingvar Grastveit.

7. STATUS FOR VILTEL T I AUSTRHEIM

AMFIBIAR

Frosk *Rana temporaria*

Ikkje kartlagt i detalj, men skal vere vanleg utbreidd i mange høvelege ferskvatn i kommunen og i nærleiken av desse.

Padde *Bufo bufo*

Svært vanleg over store delar av kommunen, i alle fall på fastlandsdelen. Padda er mangelfullt kartlagt i Hordaland, men generelt synest Austrheim, saman med Lindås, å ha mellom dei sterkeste bestandane av arten i fylket.



Det er mykje padde i Austrheim. Store mengder går tapt i trafikken om hausten når paddene kryssar vegar for å finne eigna stader å ovgervintre, eller om våren når dei skal ta seg fram til våtmarker for å yngle. Foto: Ingvær Grastveit.

KRYPDYR

Hoggorm *Vipera berus*

Hoggormen er utbreidd over heile Austrheim, men var truleg vanlegare før då lyngheia var meir open. Også fleire av øyane i kommunen har ein god bestand, og det er gjerne slike stader — t.d. på Stridsholmen — ein finn dei tetteste førekomenstane.

Havlærskilpadde *Dermochelys coriacea*

Eit vakse individ registrert ved Stavesund 11.10. 1994 (Zoologisk Museum Bergen - faunakartoteket).

FUGLAR

Mellom landlevande virveldyr står fuglane i ei særstilling når det gjeld utbreiing og artsrikdom. I Austrheim er det så langt registrert 155 fugleartar, men med betre dekningsgrad over eit langt tidsrom hadde nok dette talet vore mykje høgare. Vel 70 artar er registrerte som påviste eller sannsynlege hekkefuglar.

Tradisjonelt har mykje av kartlegginga av fuglelivet i Hordaland vore gjort av medlemer av Norsk Ornitologisk Forening. Opp gjennom åra har ikkje denne foreninga hatt mange medlemer i Austrheim, og kommunen har nok også lege litt i skuggen for aktiviteten til ornitologar frå andre stader i fylket. Dette endra seg vesentleg i 1997, då landets største overnatningsstad for låvesvaler vart funnen i Purkebolsvatnet. Dette utløyste eit heilt anna aktivitetsnivå på dette feltet, både ved Purkebolsvatnet og elles i kommunen. Omfattande ringmerking av svaler og andre fuglar her i åra 1997-2002 på frivillig og idealistisk basis har gjort at Austrheim i dag har ein ganske oppdatert kunnskap om nettopp fuglelivet.

Over tid er det sjøfuglane som er best kartlagt i Austrheim, og det er også denne fuglegruppa som er vurdert som den viktigaste i ein slik kommune. Dette kartleggingsarbeidet er utført i regi av offentlege miljøvernstyresmakter. Også lokale naturinteresserte informantar har bidrige sterkt til innhaldet i denne rapporten.

Kvalitetssikring av fugleobservasjonar

Å artsbestemme fuglar i felt kan ofte vere svært vanskeleg, sjølv for røynde ornitologar. Enkelte artar er svært like av utsjånad, og faktorar som lysforhold, observasjonsavstand og observasjonstid gjer artsbestemminga ofte svært vanskeleg. For å kvalitetssikre fugleobservasjonar har Norsk Ornitologisk Forening, NOF, difor oppretta ekspertutval som vurderer innrapporterte observasjonar. Det regionale/fylkesvise organet for kvalitetssikring heiter **LRSK** (Lokal rapporterings- og sjeldenhetskomite), og det finst ein slik komite i kvart fylke. Enkelte artsfunn må imidlertid godkjennast av ein nasjonal komité **NSKF** (Norsk Sjeldenhetskomité for fugl). Det er utarbeidd lister over kva artar som krev godkjenning av desse komiteane. Artsfunn blir publiserte i årlege rapportar i lokaltidsskriftet for NOF Hordaland, *Krompen*, av LRSK og i NOF sitt nasjonale tidsskrift, *Ornis Norvegica*, av NSKF. Desse publikasjonane inneholder også observasjonsdato, observasjonsstad og namn på observatør.

Denne viltrapporten følgjer NOF sin praksis på dette feltet. Blant artar som krev godkjenning er difor kun artar med funn godkjent av LRSK eller NSKF omtalte og rekna som offisielle. For desse blir det referert til aktuelle publikasjonar frå sjeldanheitskomiteane. For somme uvanlege eller spesielle observasjonar som ikkje krev godkjenning, er det referert til andre skriftlege kjelder eller til observatør. Talet på observasjonsdatoar

for den einskilde arten er ikkje alltid komplett, men er meint å vere konkrete døme på når arten er observert.

Meir stoff om LRSK sitt arbeid finn du på NOF-Hordaland sine internetsider. Her er det m.a. lagt ut oppdaterte lister over artar som må godkjennast og rapporteringsskjema for nedlasting: <http://cyberbirding.uib.no/nof/lrsk/>.

LOMMAR

Smålom *Gavia stellata* **Omsynskrevjande (DC)**

Nokre få par hekkar i nabokommunane, men ikkje i Austrheim. Faktisk finst berre to innrapporterte observasjonar: 1 ind. Stavesund 8.11.1987 (P. Gylseth) og 1 ind. sør for Njøten 22.2.1999 (S. Byrkjeland), men arten er nok meir regelmessig utanom hekketid enn dette.



Toppskarven er berre vintergjest i Austrheim i dag, men heilt utenkeleg er det ikkje at arten kan ta til å hekke i kommunen. Ein ny hekkekoloni har etablert seg i nabokommunen dei siste åra, og også litt lenger nord på kysten har arten teke til å hekke på nye stader i det siste. Foto: Ingvar Grastveit.

DUKKARAR

Dvergdukkar *Tachybaptus ruficollis*

Tilfeldig vintergjest. 1 ind. nær Mastrevik 28.1.1994 (S. Byrkjeland).

Gråstrupedukkar *Podiceps grisegena*

Grunnosen synest å vere fast overvintringsstad for nokre få individ. Arten er ikkje registrert andre stader i kommunen, men det vil ikkje vere overraskande om sjøområdet mellom Leirvågen og Håvarden er eit eigna vinterområde for gråstrupedukkar.

Horndukkar *Podiceps auritus*

Ein usikker observasjon: 1 ind. Purkebolsvatnet primo august 1999 (S. Byrkjeland).

STORMFUGLAR

Havhest *Fulmarus glacialis*

Registrert ved nokre høve ved havområda kring Mefjordbåen og nord av Rongevær. Arten opptrer nok regelbunde i ytre Fensfjorden under pålandsvind haust og vinter.

PELIKANFUGLAR

Havsole *Sula bassana*

Opptrer ikkje uvanleg kring Mefjordbåen vintersid.

Storskarv *Phalacrocorax carbo* **Ansv. vinterbestand**

Regelbunden vintergjest. Utanom hekketid opptrer storskarven i marint miljø overalt i Austrheim, mest talrikt nord og vest i kommunen, men også i Lurefjorden.

Toppskarv *P. aristotelis* **Ansvarsart vinterbestand**

Regelbunden gjest utanom hekketid, men i langt mindre tal enn storskarven. Hekkar neppe i Austrheim i dag, men småflokkar på våren har synt åferd dei siste åra som kan tyde på at nærområda kring Lyngoksen kan vere ein potensiell stad for nyetablering.

STORKEFUGLAR

Gråhegre *Ardea cinerea*

Hekkfugl. Det finst i alle fall 4 mindre hekkekoloniar i Austrheim pr. 2002 (Purkebolsvatnet, Purholmen, Kvalvågen og på Bukkholmen like aust for Fosnstraumbraua), truleg finst også nokre fleire som ikkje er kartfesta. Bestanden er større vinterstid, og Austrheim kan by på mange attraktive næringssøksområde for denne arten.

ANDEFUGLAR

Knoppsvane *Cygnus olor*

1 ind. Leirvågen våren 2002 (T. Svendsen). Arten skal dessutan ha vore sett ved Vaulen på ettervinteren ein gong på 1960-talet (Ø. Vikane).

Songsvane *Cygnus cygnus*

Sjeldan (R)

Regelbunden, men enno fåtalig vintergjest. Småflokkar streifar rundt i denne delen av Nordhordland og vitjar stundom stader som Purkebolsvatnet, Altersvatnet, Solevatnet og Førlandsvatnet. Dei største registrerte flokkane har telt over 20 ind. I kuldeperiodar vert også grunne sjøområde nytta. Vinterbestanden er aukande som den er i resten av Hordaland.

Gravand *Tadorna tadorna*

Tilfeldige individ skal vere sett ved Leirvågen midt på 1980-talet og også nord for Kvalvåg (Ø. Vikane).

Grågås *Anser anser*

Årviss hekkfugl. Hekkebestanden av arten har teke seg godt opp i Austrheim. Dei mest kjende hekkestadene er Kuøyna, Altersvatnet, Leirvågen og Stridsholmen, men arten hekkar også ved fleire av øyane vest i kommunen. Leirvågen fungerer dessutan som myteområde for arten. Arten passerer Austrheim i store tal i trekk tide, men ein kjenner ikkje rastepllassar som utmerker seg for forbitrekande flokkar, anna enn flatene ved Leirvågen til ei viss grad.

Kanadagås *Branta canadensis*

Registrert ved fleire høve i kommunen dei seinare åra, m a ved Vaulen og Åråsvatnet. Har hekka ein gong ved Åråsvatnet (Ø. Vikane). Midt på 1980-talet vart arten også sett ut i Åråsvatnet, med fuglar som vart henta frå Bømlo.



Så langt er kanadagåsa ingen vanleg hekkfugl i Austrheim, men ettersom arten er i sterkt ekspansjon i Noreg vil dette raskt kunne endre seg. Foto: Ingvar Grastveit.

Ringgås *Branta bernicla*

Ein flokk på ca. 40 ind. over Mongstad 22.10.1986 (P. Gylseth).

Brunnakke *Anas penelope*

Fåtalig hekkfugl. Kålås (1979) rekna bestanden av arten i kommunen til 7 par, med positiv førekommst ved kvar tredje ferskvasslokalitet. Med unnatak av Sveio er dette den beste førekomssten i Hordaland. Vaulen fungerer som myteområde for arten, mest truleg for lokale fuglar.

Krikkand *Anas crecca*

Mest truleg den vanlegaste grasandarten i Austrheim. Kålås (1979) rekna bestanden til 11 par, men arten er krevande å kartlegge så bestanden kan godt vere noko større.

Stokkand *Anas platyrhynchos*

Austrheim har ikkje så mange ferskvassvåtmarker som er eigna for hekkande grasender, men stokkanda finst ved dei fleste lokalitetane der tilhøva ligg til rette for det. Kålås (1979) rekna totalbestanden i kommunen til 9 par, og dette har neppe endra seg mykje sidan den tid.

Stjertand *Anas acuta*

Sjeldan (R)
Eitt par, Leirvågen 20.5.2002 (S. Byrkjeland).

Taffeland *Aythya ferina*

Ein flokk på 24 ind. sett «Fonnesvatna» 18.11.1978 (Håland 1979). Det var denne hausten ekstraordinær førekommst av taffelender i heile Sør-Noreg, og arten vart påvist mange stader på Vestlandet der den elles ikkje er å finne.

Toppand *Aythya fuligula*

Ikkje påvist hekkande i kommunen, men at hekking kan finne stad år om anna i t d Åråsvatnet er ikkje urimeleg å tru. Finst spreidd ved eigna ferskvatn i Austrheim året gjennom, mest vanleg vinterstid.

Bergand *Aythya marila*

Ei ho ved Stavesund 22.2.1987 (P. Gylseth).

Ærfugl *Somateria mollissima*

Hekkfugl. Ærfuglen er for tida i ekspansjon på denne delen av Vestlandet, og hekkar i dag vanleg i skjergarden nord og vest i Austrheim. Bestanden er likevel tynnare enn litt lenger ute på kysten, men dersom ekspansjonen held fram er det ikkje urimeleg at arten også vert ein vanleg hekkfugl i kystsona i den delen av kommunen som grensar mot Lurefjorden. Skjergarden i Austrheim er viktigare som overvintringsområde for ærfuglen, og den totale vinterbestanden i kommunen vart i februar 1999 rekna til om lag 800 ind. Ved Mefjordbåen ligg dessutan ein tradisjonell myteplass for ærfugl, med ei mengd på 555 ind. i august 2002 (Byrkjeland 2002). Førekommsten her har variert ein del opp gjennom åra.

Havelle *Clangula hyemalis***Bør overvakast (DM)**

Vanleg vintergjest. Dei viktigaste områda for arten er å finne på eksponert kyst nord og vest i kommunen. Samla vinterbestand i 1999 vart rekna til 230 individ, men somme år kan dette truleg vere vesentleg høgare. Vinteren 1995 var såleis eit år med betre representasjon av havelle, og Håland & Byrkjeland (1985) rekna vinterbestanden i kommunen dette året til 600 ind.

Svartand *Melanitta nigra***Bør overvakast (DM)**

Regelbunden vintergjest. Svartanda opptrer langs heile den ytste kyststripa av Vestlandet

om vinteren, stundom i store flokkar, men mengdene varierer mykje over kort tid. Viktigaste plassen for arten i Austrheim er Mefjordbåen, der ein også kan sjå flokkar på opp mot 600 individ sommarstid.

Sjørre *Melanitta fusca*

Bør overvakast (DM)

Fåtaleg vintergjest. Sjørren stiller store krav til leveområdet, og berre nokre få stader i Austrheim er desse krava tilfredsstilt. Det er ved Leirvågen og til ei viss grad i Grunnosen, og dette er også dei sikraste stadene å treffe på nokre få individ av arten i Austrheim. Den største flokken i kommunen (30 ind.) er likevel sett ved Mefjordbåen, men dette er ingen typisk opphaldsstad for arten.

Kvinand *Bucephala clangula*

Regelbunden vintergjest, men ikkje i spesielt store tal i Austrheim. Oftast er arten å sjå i ferskvatna her, men i aukande grad har kvinanda blitt vanleg å sjå også på sjøen. Grunnosen er t.d. ein stad med fast bestand av kvinand vinterstid.

Siland *Mergus serrator*

Ansvarsart vinterbestand

Dei midtre delane av Fensfjorden er eit av dei aller viktigaste vinterstadane for siland i Sør-Noreg. Austrheim ligg like utanfor dette kjerneområdet, men i periodar kan fleire tiltal individ vere å sjå i Grunnosen og også i andre litt skjerma kystområde i kommunen. Vinterbestanden i Austrheim vart i 1999 rekna til 230 individ (S. Byrkjeland). Nokre få par hekkar i kommunen — Kålås (1979) kalkulerte med ein bestand på 4 par i ferskvatna, men det finst nok vesentleg fleire hekkepar i strandsona.

Laksand *Mergus merganser*

Kun ein observasjon: 1 hann Fosnstraumen 11/2-1999 (S. Byrkjeland).

ROVFUGLAR

Havørn *Haliaeetus albicilla*

Omsynskrevjande(DC) Ansvarsart hekkebestand

Har vorten vanlegare å sjå i Austrheim i takt med at bestanden på Vestlandet byggjer seg opp att. Mange av fuglane som vert registrerte i kommunen er ungfuglar vinterstid, men arten er òg funnen hekkande i kommunen (M.H. Sleire).

Hønsehauk *Accipiter gentilis*

Sårbar (V)

Ein registrert hekkestad finst i kommunen, men status for denne er usikker. Utanom hekketid er arten stundom å sjå, særleg på søndre halvdel av Fosnøyna.

Sporvehauk *Accipiter nisus*

Hekkestatus uviss. Arten vert sett meir eller mindre tilfeldig dei fleste stader i kommunen, mest vanleg under hausttrekket.

Kongeørn *Aquila chrysaetos*

Sjeldan (R)

Ikkje hekkefugl, men ein del av ørnene som vert sett i kommunen utanom hekketid er truleg kongeørn. Mellom anna vart eit ind. sett sommaren 2002 (M. Sleire, R. Midteng).

Fjellvåk *Buteo lagopus*

1 ind. Austrheim 25.12.1992 (E. Frantzen).

Tårfalk *Falco tinnunculus*

Hekking ikkje dokumentert og heller ikkje sannsynleg. Vert sett på hausttrekk.



Tårfalk. Foto: Ingvar Grastveit.

Dvergfalk *Falco columbarius*

1 individ ved Purkebolsvatnet 13.5.1999. Det er grunn til å tro at arten opptrer regelbunde i kommunen i trekktidene, men ikkje særleg vanleg.

Vandrefalk *Falco peregrinus*

Sårbar (V)

Berre ei positiv registrering er kjend: 1 ind. Børilden 4.2.2001 (S. Byrkjeland), men arten førekjem utan tvil jamnleg i Austrheim i dag. Artten er rapportert hekkande i fleire av nabokommunane pr. 2003.

HÖNSEFUGLAR

Lirype *Lagopus lagopus*

Steifindivid skal ha vore sett i kommunen kring 1990, men detaljar omkring dette manglar (Ø. Vikane). Austrheim er ikkje ein stad ein skal forvente førekomst av lirype, men at nokre individ trekker ut på kystøyar somme vintrar skal ikkje utelukkast.

Orrfugl *Tetrao tetrix*

Det finst ein spreidd, men tynn bestand av arten i Austrheim året rundt, men mindre no enn før bruene vart bygd (Ø. Vikane). Det er særleg lyngheiane som er tilhaldsstad for orrfuglen her.

TRANEFUGLAR

Vannrikse *Rallus aquaticus*

Sjeldan (R)

Registrert ved Åråsvatnet i hekketida 1982 (Ø. Vikane). Det ligg dessutan føre to septemberobserasjonar av arten frå Purkebolsvatnet, dessutan er arten registrert her vinteren 2000/2001. 2 ind. høyrte Klebakkvatnet august 1999 (Byrkjeland 1999). Målretta sok etter denne kryptiske arten ville truleg vise at i alle fall desse vatna er årvisse overvintringsplassar.

Åkerrikse *Crex crex*

Direkte truga (E)

Var nok tidlegare ein utbreidd hekkekfugl i Austrheim, men har i hovudsak gått ut her som elles i landet. Einskildindivid av arten er registrert Litlås 1974-75 (J. Ervik), Leirvågen 28.5-6.6.1999 (T. Svendsen, S. Byrkjeland) og Littlelindås 2000 (Ø. Vikane). Ved Leirvågen vert det hevda at arten også har vore registrert fleire gongar tidlegare dei siste tiåra, og kulturlandskapet her skulle vere vel eigna for arten.

Sivhøne *Gallinula chloropus*

1 ind. Purkebolsvatnet 9.10.1983 (O. Johansen) samt 2 ind. same stad i år 2000.

Sothøne *Fulica atra*

Mogleg hekkekfugl. 1 ind. Purkebolsvatnet 30.5.1982 (O. Johansen) og 2 varslande individ same stad 13.5.1999 (Byrkjeland 1999). Dei sistnemnde synte påtakleg hekkeåtferd, men hekking vart ikkje stadfesta i ettertid trass i omfattande feltaktivitet på staden dette året.

VADEFUGLAR

Tjeld *Haematopus ostralegus*

Generelt vanleg hekkekfugl langsmed stranda i Austrheim, dels også på eigna stader i kulturlandskapet.

Sandlo *Charadrius hiaticula*

Inntil hekkande par ved saltenga ved Leirvågen, og minst 2 hekkande par inne på industriområdet på Mongstad. Med unnatak av Herdla og Flesland er dette einaste kjende hekkestad i låglandet i Hordaland (og Austrheim har flest par). Førekomsten vart først konstatert i 1983 (O. Johansen), men det er først etter at staden



Det er først dei aller siste åra ein har fått kunnskap om at sandloen hekkar ved Leirvågen, som einaste staden i låglandet i Hordaland utanom Herdla. Foto: Ingvar Grastveit.

vart «gjenoppdag» i 1999 at førekomsten er blitt påaka.

Heilo *Pluvialis apricaria*

Arten vitjar Austrheim i trekktidene, helst under hausttrekket.

Tundralo *Pluvialis squatarola*

2 ind. Rongeværet 2.10.1983 (O. Johansen).

Vipe *Vanellus vanellus*

Hekkekfugl. Artens er ikkje spesielt talrik i Austrheim, men er å finne i tilknytning til dyrka mark og kulturbete spreidd i kommunen. Kulturlandskapet kring Leirvågen held ein god bestand, og er truleg eit av dei best eigna leveområda for arten i regionen.

Dvergsnipe *Calidris minuta*

2 ind. på hausttrekk ved Leirvågen hausten 1999 (S. Byrkjeland).

Fjøreplytt *Calidris maritima*

Fast vintergjest. Flokkar på inntil 30-40 ind. streifar jamnleg omkring på dei mest eksponerte holmane i kommunen og i Fosnstraumen.

Myrsnipe *Calidris alpina*

Det ligg føre berre eit fåtal konkrete registreringar av arten, men ein må anta at myrsnipa er ein helt regulær gjest under hausttrekket.

Sandløpar *Crochetia alba*

4 ind. Rongeværet 23.9.1983 (O. Johansen).

Brushane *Philomachus pugnax*

Småflokkar av arten er jamnleg å sjå på dyrka mark under hausttrekket.

Kvartbekkasín *Lymnocryptes minimus*

Heilt sikkert ein regulær trekkgjest om hausten, men arten er krevande å påvise. Einskildindivid sett ved Purkebolsvatnet hausten 2000 og 2001.

Enkeltbekkasín *Gallinago gallinago*

Sannsynleg hekkefugl, men finst berre ved eit fåtal lokalitetar. Kålås (1979) estimerte ein bestand på 13 hekkande par i kommunen, noko som truleg er for mykje i dag. Arten er vanlegare under trekket, men ved Purkebolsvatnet — som er godt undersøkt om hausten — ligg det faktisk berre føre eit par registreringar av arten samla sett (Byrkjeland 1999).

Rugde *Scolopax rusticola*

1 ind. Austrheim 6.12.1986 (P. Gylseth), samt 1 ind. Purkebolsvatnet 23.2.1999. Mest truleg hekker arten i kommunen, men det ligg ikkje føre konkrete rapportar om førekomenst i hekketida.

Småspove *Numenius phaeopus*

Påvist ved Senoksen og Kuøyna i hekketida 1993 (S. Byrkjeland). Prov for hekking på øyane i Austrheim ligg ikkje føre, men mest truleg hekker einskildpar av arten år om anna.

Storspove *Numenius arquata*

Hekkefugl. Austrheim har gode naturgjevne tilhøve for denne arten. Bestanden var truleg større tidlegare då llynghøia vart halden meir open. I dag hekker storspoven fleire stader i kommunen — totalbestanden tel truleg kring 15 par, noko som er relativt mykje samanlikna med dei fleste andre kommunar i Hordaland.

Raudstilk *Tringa totanus* **Ansvarsart hekkebestand**
Kålås (1979) rekna med ein bestand på kring 11 hekkande par i Austrheim. Bestanden i dag er avgjort mindre. Berre Leirvågen ser ut til å ha

ein fast bestand, men her hekkar til gjengjeld 2-4 par (S. Byrkjeland).

Gluttsnipe *Tringa nebularia*

1 ind. Klebakvatnet ultimo august 1999. Inntil 3 ind. sett samstundes ved fleire høve i Leirvågen 2000-2002. Arten er nok ein regelbunden gjest under hausttrekket.

Skogsnipe *Tringa ochropus*

1 ind. Purkebolsvatnet 17.9.1998 (S. Byrkjeland).

Grønstilk *Tringa glareola*

Arten er uvanleg i Hordaland, også under trekket. Likevel er minst 1 ind. registrert ved same lokalitet ved Leirvågen både våren 1999, 2001 og 2002, og dette har gjeve årsak til spekulasjon om hekking på staden.

Strandsnipe *Actitis hypoleucos*

Vanleg på eigna stader i heile kommunen, til dels også langs stranda.

Steinvendar *Arenaria interpres*

Småflokkar opptrer vinterstid, gjerne i lag med overvintrande fjøreplyttar. Prioriterer dei ytste holmane og skjera, samt til ein viss grad Fosnstraumen. Hekking kan tidlegare ha funne stad ved Kuøyna, men arten hekker neppe her i dag.

JOAR, MÅSAR OG TERNER**Tjuvjo** *Stercorarius parasiticus*

1 par hekka ved Rongeværet 1984 (O. Johansen). Var truleg fast hekkefugl i Austrheim fram til midten av 1980-talet, men har i dag ingen fast bestand her. Dette er i samsvar med den generelle tilbakegangen elles på Vestlandskysten.



Steinvendarar og fjøreplytt opptrer gjerne i blanda flokkar i skjergarden om vinteren. Slike flokkar er ikkje noko uvanleg syn i den yttre skjergarden i Austrheim i vinterhalvåret. Foto: Ingvar Grastveit.



Makrellterne — tidlegare ein av dei vanlegaste viltartane i Austrheim, i dag er bestanden sterkt redusert slik den er elles på Vestlandet. Foto: Ingvar Grastveit.

Hettemåse *Larus ridibundus*

Hekkar neppe, og opptrer berre tilfeldig i Austrheim.

Fiskemåse *Larus canus*

Vanleg hekcefugl, men det finst ingen større hekkekoloniar av arten i kommunen. På Stridsholmen, der hekking av arten var eit viktig grunnlag for at staden var verna etter naturvernlova i 1987, har arten gått sterkt tilbake.

Sildemåse *Larus fuscus*

Spreidd hekcefugl, men ein kjenner ingen stabile hekkekoloniar i kommunen i dag, med eit visst unnatak for Stridsholmen (bestanden har her gått tilbake). Førekomsten er i dag best ved dei ytre holmane mot Fensfjorden.

Gråmåse *Larus argentatus*

Vanleg hekcefugl, den mest utbreidde måsearten i Austrheim. På Kuøyra og Teistholmen var der pr. 1979 ein viktig hekkekoloni på om lag 140 par, men denne har (mellombels?) mista sin funksjon i dag. Generelt er likevel bestanden av arten i Austrheim framleis sterkt, men hekkinga skjer meir spreidd og mindre i koloniar.

Svartbak *Larus marinus*

Ansvarsart hekkebestand
Vanleg hekcefugl. Største kolonien i dag er truleg på Kjørholmane.

Krykkje *Rissa tridactyla*

Ansvarsart hekkebestand
Arten vert frå tid til anna registrert i ytre strok av Austrheim, særleg etter periodar med sterkt pålands vind om hausten.

Makrellterne *Sterna hirundo*

Spreidd hekcefugl i kystsona, men bestanden i Austrheim har gått sterkt tilbake dei siste tiåra, slik utviklinga har vore også elles på Vestlandet. Dette gjeld også Notholmen og Låge Islendingen, som i 1987 vart verna som naturreservat på grunnlag av at dei då var hekkestad for terner.

Raudnebbterne *Sterna paradisaea*

Hekcefugl i Austrheim, men bestanden har gått kraftig tilbake i alle fall sidan byrjinga av 1980-talet. Kva mengd som finst her i dag i forhold til makrellterne er uvisst, men truleg er makrellterna noko vanlegare i Austrheim i dag enn raudnebbterna.

ALKEFUGLAR

Lomvi *Uria aalge*

Sårbar (V)

I utgangspunktet ein vanleg vintergjest i Austrheim, men bestanden har gått kraftig tilbake sidan 1970-talet. Det er venteleg i stor grad lomvi frå britiske hekkekoloniar som overvintrer på denne delen av Vestlandet.

Alke *Alca torda*

1 ind. nordaust i Austrheim 28.1.1973 (T. Fan-toft). Det ligg ikkje føre konkrete rapportar om observasjon av alke i Austrheim frå dei seinare åra, men det er all grunn til å tru at små mengder av arten periodevis er å finne i dei ytre delane av kommunen.

Teist *Cephus grylle*

Bør overvakast (DM)

Teistholmen har lenge vore kjent som hekkekoloni for eitt eller nokre få par av arten, men arten har truleg vore fråverande her nokre år (Byrkje-land 1999). Spreidde individ vert sett nord og vest i Austrheim vinterstid, men bestanden er låg, som den elles har vore i Hordaland i fleire tiår.

Alkekonge *Alle alle*

Vintergjest, men i svært varierande mengd frå år til år.

Lunde *Fratercula arctica*

Omsynskrevjande (DC)

Det ligg føre nokre få tilfeldige registreringar frå områda kring Mefjordbåen/Grimeskjeret og nord for Børilden, alle utanom hekketid.

DUER

Ringdue *Columba palumbus*

I dag ein vanleg hekcefugl i mange plantefelt rundt om i Austrheim.

Tyrkardue *Streptopelia decaocto*

Oppført som konstatert hekkefugl i Austrheim av Gjershaug m.fl. (1994), men detaljar omkring dette er ikkje kjent. Eit par skal ha vore sett tidleg på 1990-talet, samt 1 ind. vinteren 2001/2002 (O. Suren).

GAUKAR

Gauk *Cuculus canorus*

Sannsynleg hekkefugl i Austrheim, men ingen konkrete detaljar om dette ligg føre. Særleg sterk er bestanden i dag uansett ikkje, men arten er truleg jamnt utbreidd i kommunen.

UGLER

Hubro *Bubo bubo*

Arten er særskrevende å kartlegge, men er sannsynleg hekkefugl i Austrheim, truleg med ein bestand på minimum 2-3 par. Reir med ungar skal vere funne på ei øy i kommunen ca. 1975 (O. Suren).

Snøugle *Nyctea scandiaca*

Sårbar (V)

Tilfeldig gjest. 1 ind. skal vere sett Austrheim i 1974 (O. Suren).

Kattugle *Strix aluco*

Ein vanleg art i tilknyting til kulturlandskap og busetjing. Høgst sannsynleg hekkefugl.

Hornugle *Asio otus*

Reir med 3 ungar funne Øksnes ca. 1982. Same år vart tiggerop frå ungar høyrte ved eit plantefelt nord for Åråsvatnet samt ved Hjartås (Ø. Vikane). 1 ind. vart samla inn ved Mastrevik ca. 1999 (Ø. Vikane). 1 ind. Purkebolsvatnet september 1999 (S. Byrkjeland).



Hornugla er langt ifrå ein árviss hekkefugl i Austrheim, men somme år slår arten til samstundes fleire stader på Vestlandet. Desse ungane vart fotografert i eit reir i Austrheim kring 1982. Foto: Øystein Vikane.

Haukugle *Surnia ulula*

Eitt ind. skal vere sett i kommunen i september 1983, då det var stor invasjon av arten på Vestlandet (Jacobsen 1984).

Jordugle *Asio flammeus*

1 ind. funne daudt ved Førlandsvågen ca. 20.7.1973 (H. Sellevold). 1 ind. Rongeværet 23.9.1984 (O. Johansen).

SEGLARAR

Tårnseglar *Apus apus*

1 ind. Purkebolsvatnet 30.7.1999 (S. Byrkjeland). Arten opptrer nok vanlegare enn dette, men ikkje særleg frekvent. Næraste kjende hekkestad er Knarvik i Lindås (T. Svendsen).

SPETTEFUGLAR

Vendehals *Jynx torquilla*

Sårbar (V)

Sjeldan. Ikke påvist hekkande i Austrheim, men hekka truleg fátalig tidlegare. Hekkar helst i open lauv- eller lauvblanda barskog, gjerne i tilknytning til kulturmark.

Gråspett *Picus canus*

Omsynskrevjande (DC)

Skal vere hørt frå kommunehuset i Austrheim (Ø. Vikane) Elles er arten er ikkje rapportert, men dette skuldast nok utelukkande mangelfull registrering. Hekking i kommunen er ikkje usannsynleg, men i alle fall om hausten er nok nokre gråspettar innom.

Grønpett *Picus viridis*

1 ind. Solhaugen, Austrheim februar/mars 2002 (O. Suren).

Flaggspett *Dendrocopos major*

Invasjonsart, som somme år er vanleg å finne mellom anna i dei mange plantefelta i Austrheim. Sist slik invasjon fann stad her var hausten 2001, men også hausten 2003 var det ein del flaggspett å sjå i terrenget.

SPORVEFUGLAR

Songlerke *Alauda arvensis*

Registrert ved Leirvågen våren 2000-2002, men det er uvisst om arten hekkar her eller andre stader i kommunen. Ein mogleg hekkestad er Årås-Austrheimområdet, der arten vert sett jamleg om våren. Truleg er songlerka regelbunden her under hausttrekket.

Fjellerke *Eremophila alpestris*
Ein flokk på 12 ind. Leirvågen 8.11.1987 (P. Gylseth).

Sandsvale *Riparia riparia*
Små mengder vert jammleg sett ved Purkebolsvatnet og Leirvågen i hekketida, så truleg finst ein mindre hekkekoloni i nærleiken utan at denne er kartlagt. Nokre få sandsvaler vert også fanga som «bifangst» ved låvesvalemerring i Purkebolsvatnet, så dei beste haustkveldane her er det truleg innom 50-100 sandsvaler innimellom alle låvesvalene som skal overnatte.

Låvesvale *Hirundo rustica*
Vanleg hekkefugl i tilknytning til busetnad. Mest kjent er Austrheim for at landets største overnattingsplass for låvesvaler ligg ved Purkebolsvatnet. På det meste (september 1997) rekna ein med at 10000-12000 låvesvaler overnatta i takrørvegetasjonen her. I åra 1997-2002 er det fanga og ringmerkt fleire tusen låvesvaler ved denne lokaliteten, og aktiviteten her har bidrige mykje til at vi i dag har god kunnskap om svalene si åtferd og vandringsmønster før hovudtrekket tek til om hausten.

Taksvale *Delichon urbica*
Taksvala er truleg den sporvefuglen i Noreg som har opplevd den sterkeste tilbakegangen dei siste tiåra. Den var nok svært vanleg i Austrheim tidleg på 1980-talet, og framleis finst eit par mindre hekkekoloniar att — m.a. på kommunehuset i Austrheim.

Heipiplerke *Anthus pratensis*
Ein av dei mest vanlege hekkefuglane i Austrheim, ettersom arten gjerne er knytta til lynghei og anna open utmark.



Noko nærrare enn ein karakterart for viltet i Austrheim enn heipiplerka kjem ein neppe. Mest truleg er dette den vanlegaste fuglearten i kommunen, i særlig grad knytta til lynghei, men også ei rekke andre naturmiljø. Foto: Ingvar Grastveit.

Skjerpiplerke *Anthus petrosus* **Ansv. hekkebestand**
Vanleg i kystsona i kommunen.

Gulerle *Motacilla flava thunbergii*
Eit par (sørleg gulerle) heldt seg ved elva i Leirvågen våren 2000 (I. Grastveit), og det er ikkje umogleg at arten gjorde hekkeforsøk her dette året. To gulerler er også fanga under ringmerking av låvesvaler ved Purkebolsvatnet i 2000 og 2001. To særler ved Purkebolsvatnet 30.7.1999.

Vintererle *Motacilla cinerea*
1 ind. Leirvågen 28.8.2001 (S. Byrkjeland).

Linerle *Motacilla alba*
Vanleg hekkefugl i heile kommunen, vanlegast i tilknytning til stader der folk bur.

Sidensvans *Bombycilla garrulus*
Skal vere sett vinterstid i invasjonsår, utan at dette er datofesta.

Fossekall *Cinclus cinclus*
Sporadisk hekkefugl: 1 par hekka Ervik mai 1979 (O. Johansen). Er dessutan registrert inst i Austrevågane, Øksnes vinterstid samt langs Hjartåselva.

Gjerdeسمett *Troglodytes troglodytes*
Vanleg året rundt, og heilt sikkert hekkefugl.

Jernsporv *Prunella modularis*
Ein vanleg art mange stader i Austrheim. Det er ikkje rapportert om konkrete hekkefunn, men dette skuldast nok utelukkande mangel på registrering og rapportering.

Raudstrupe *Erithacus rubecula*
Hekkefugl. Generelt vanleg og utbreidd i store delar av kommunen.

Raudstjert *Phoenicurus phoenicurus*
To ind. Purkebolsvatnet medio september 1998 (S. Byrkjeland).

Buskskvett *Saxicola rubetra*
Hekkar spreidd i kulturlandskapet mange stader i kommunen, men neppe særleg talrikt.

Steinskvett *Oenanthe oenanthe*
Hekkefugl. Utbreidd, men like fullt i påfallande lita mengd. Var truleg vanlegare for eit tiår og to sidan.

Svartrast *Turdus merula*
Vanleg hekkefugl, og også vanleg å sjå utanom hekketida. Austrheim har som andre slike kystkommunar ein god vinterbestand av arten.

Gråtrast *Turdus pilaris*

Vanleg hekkefugl i tilknytning til kulturlandskap.

Måltrast *Turdus philomelos*

Sannsynleg hekkefugl, men ikkje særleg talrik.

Raudvengtrast *Turdus iliacus*

Utbreidd hekkefugl, og særleg vanleg i trekktidene. Under hausttrekket i september-oktober er flokkar på fleire tusen fuglar registrert i kommunen.

Sivsongar *Acrocephalus schoenobaenus*

Karakterart i takrøyskogen både i Purkebolsvatnet og Klebakkvatnet. Er også registrert ved Littlelindåsvatnet. Samla bestand er vanskelig å talfeste, men vurdert ut ifrå talet på syngande hannar er hekkebestanden ved vatna ved Fonnes i overkant av 5 par, kanskje nærmere 10 par. Uansett er bestanden mellom dei teltaste i Hordaland.

Åkersongar *Acrocephalus agricola*

1 ind. fanga og ringmerkt ved Purkebolsvatnet 2.9.2001 (T.B. Reigstad). Dette var første funn i Hordaland og nr. 8 i landet.



Ringmerking gjer ofte at ein påviser svært uventa fugleartar i eit område. Såleis vart denne åkersongaren fanga og ringmerkt ved Purkebolsvatnet hausten 2001. Dette var første funn av arten i fylket, og hendinga vekte stor oppsikt mellom ornitologar i regionen. Foto: Ingvar Grastveit.

Rørsongar *Acrocephalus scirpaceus*

To ind. ringmerkt under hausttrekk Purkebolsvatnet: 7.9.1998 (F. Falkenberg) og 30.8.2001 (O. Overvoll).

Tornsongar *Sylvia communis*

Ein karakterart i lynghei med litt kraftvegetasjon. Tornsongaren skulle såleis vere vanleg utbreidd i Austrheim, men er likevel ikkje så godt representert. Dette har for øvrig vore eit ålement biletet over heile Vestlandet dei seinare åra.

Hagesongar *Sylvia borin*

1 ind. Purkebolsvatnet 16.9.2001 (S. Byrkje-land).

Munk *Sylvia atricapilla*

Det ligg føre få konkrete registreringar av munk i Austrheim, men arten er truleg representert fleire stader der frodig lauvskog er utvikla, t.d. ved Årås.

Lauvsongar *Phylloscopus trochilus*

Vanleg hekkefugl mest alle stader i Austrheim. Ein del lauvsongarar nyttar også takrøyskogen ved Purkebolsvantet for overnatting.

Fuglekonge *Regulus regulus*

En vanleg førekommende art i mange innplanta granskogar i kommunen, der det truleg finst ein rimeleg god hekkebestand.

Gråflugesnappar *Muscicapa striata*

Positiv førekommst er ikke rapportert i Austrheim, men det vil vere rart om ikke arten finst lokalt rundt omkring.

Svartkvit flugesnappar *Ficedula hypoleuca*

Hekkefugl, men ikke spesielt vanleg samanlikna med mange andre kommunar i fylket.

Stjertmeis *Aegithalos caudatus*

Er påvist ved nokre få høve (Ø. Vikane), men status uviss. I allefall streiffugl.

Lauvmeis *Parus palustris*

Sannsynleg hekkefugl der det finst rikare og eldre lauvskog, men status er usikker.

Granmeis *Parus montanus*

Vanleg hekkefugl, ofte i tilknytning til plantefelt av gran og buskfuru.

Toppmeis *Parus cristatus*

Arten er typisk for dei mange små plantefelta med buskfuru på kysten, også i Austrheim. Det vanlege er eit hekkepar eller to i dei fleste slike felt som er store nok til å romme eit revir for eit toppmeispar. Sannsynleg hekkefugl.

Svartmeis *Parus ater*

Hekkar truleg i mindre tal i fleire granplantefelt i Austrheim, men førekommstane er ikke kartlagde i detalj.

Blåmeis *Parus caeruleus*

Sannsynleg hekkefugl mange stader i Austrheim, primært i tilknytning til gardsbruk og anna busetjing.

Kjøttmeis *Parus major*

Vanleg hekkefugl i det meste av kommunen.

Spettmeis *Sitta europaea*

Det finst ein bra bestand i Årás-Austrheim området, der lauvskog er av tilstrekkeleg høg alder. Arten hekkar truleg også ved gardsbruks nærliv.

Trekrypar *Certhia familiaris*

1 ind. Årás 5.12.2002 (S. Byrkjeland).

Varslar *Lanius excubitor*

1 ind. Austrheim 14.10.2001 (E. Frantzen).

Nøtteskrike *Garrulus glandarius*

Etter den store invasjonen av nøtteskrikene til Vestlandet i 1975 er arten fast etablert fleire stader i Austrheim, m.a. ved Øksnes og Leikvoll. Ein merkbar invasjon av arten hausten 2003 kan kanskje vise seg å bidra til å styrke bestanden både i Austrheim og elles på Vestlandet.

Nøttekråke *Nucifraga caryocatactes*

1 ind. Purkebolsvatnet september 1999 (S. Byrkjeland).

Skjor *Pica pica*

Vanleg hekkefugl i nærleiken av gardsbruk og bustadfelt. Bestanden er særleg stor vinterstid, når skjor frå fjordstroka lenger inne gjerne kjem ut til kysten for å overvinstre.

Kråke *Corvus corone cornix*

Vanleg hekkefugl, også på mange holmar som i utgangspunktet er ganske eksponerte.

Ravn *Corvus corax*

Typisk og utbreidd hekkefugl, men det finst neppe mange hekkepar i Austrheim kommune.

Stare *Sturnus vulgaris*

Vanleg hekkefugl ved busetnad, og ofte å sjå på næringssök over store delar av kommunen. Ved Purkebolsvatnet finst ein overnattingsplass for stare, der fuglane dels nyttar vaksen granskog, dels takrøyrvatasjonen som soveplass.

Gråsporv *Passer domesticus*

Gråsporven er i dag ikkje vidare vanleg i Austrheim, stort sett koncentrert til dei delane av kommunen der det bur flest menneske. Truleg var arten vanlegare på 1970- og 1980-talet.

Bokfink *Fringilla coelebs*

Vanleg hekkefugl i og nær skogkledde områder.

Bjørkefink *Fringilla montifringilla*

Hekkestatus uviss, men arten er vanleg å sjå utanom hekketid i typiske invasionsår.

Grønfink *Carduelis chloris*

Sannsynleg hekkefugl, men mest talrik haust og

vinter. Bestanden har truleg auka dei siste tiåra i Austrheim såvel som på resten av Vestlandet.

Stillits *Carduelis carduelis*

2 ind. Purkebolsvatnet 13.5.1999 (S. Byrkjeland).

Grønsisik *Carduelis spinus*

Vanleg gjest haust og vinter i invasionsår.

Tornirisk *Carduelis cannabina*

Sannsynleg hekkefugl fleire stader i kommunen. Best bestand finst ved Leirvågen og ved Vaulen, men også i Fonnesområdet er arten regelbunde å sjå i hekketida. Mykje tyder på at Austrheim pr. 2003 er den kommunen i Hordaland som har den sterkeste bestanden av denne arten.

Bergirisk *Carduelis flavirostris* Ansv. hekkebestand

Vanleg hekkefugl. Ein typisk art i Austrheim, ettersom llynghøi og anna ope kulturlandskap er viktige leveområde for denne arten. Bergirisen har ei særprega utbreiing i verda, der Vestlandet og særleg kyststroka her har eit vesentleg ansvar for å forvalte sine førekommstar.

Brunsisik *Carduelis cabaret*

Truleg relativt vanlig hekkefugl. Arten var inntil nylig rekna som ein underart av gråsisik, men både utbreiing draktforskellar og storleik gjer at brunsisiken no har fått status som eigen art. Brunsisiken er knytt til kystnære furuskogsområder i Sør-Norge. Arten opptrer også vanlig i større og mindre flokker i trektidene og om vinteren, gjerne i blandingsflokkar med gråsisik.

Gråsisik *Carduelis flammea*

Opptrer vanlig i større og mindre flokker i trektidene og om vinteren, gjerne i blandingsflokkar med brunsisik. Har som hekkeart langs kysten ei meir nordleg utbreiing enn brunsisiken, og er i vårt fylke knytta til bjørkeskogen i indre fjordstrok og områda opp mot bjørkebeltet.

Bandkrossnebb *Loxia leucoptera*

Førekomst ikkje innrapportert fra Austrheim, men det skuldast nok utelukkande mangel på registrering haust og vinter. Somme år opptrer bandkrossnebbens invasionsarta, som i 1988 og særleg hausten/vinteren 2002/2003. Slike år vert arten rapportert fra mange ulike stader i Hordaland, men det krever at kvalifiserte ornitologar sjekkar korsnabbflokkar fugl for fugl.

Grankrossnebb *Loxia curvirostra*

Observasjonar av krossnebb er ikkje uvanleg i Austrheim haust og vinter, men det er ofte vanskeleg å slå sikkert fast om det dreier seg om grankrossnebb eller furukrossnebb. Truleg

opptrer begge artar regulært, men evt. hekkestatus er uviss.

Furukrossnebb *Loxia pytyopsittacus* Sjå grankrossnebb.

Dompap *Pyrrhula pyrrhula*

Sannsynleg hekkefugl. Arten er ikkje spesielt vanleg som hekkefugl i Austrheim, den er vesentleg meir vanleg om vinteren. Dette skuldast truleg tilførsle av fuglar frå m a indre fjordstrok.

Snøsporv *Plectrophenax nivalis*

Det ligg føre eit par observasjonar av småflokkar frå kystsona i Austrheim vinterstid, m.a. 13.2.1999 (J. Sætre, S. Byrkjeland). Arten førekjem nok årvisst, men utan noko fast mønster.

Gulsporv *Emberiza citrinella*

Sannsynleg hekkefugl, men langt ifrå talrik i dag. Var nok vanlegare før om åra, då det var hestar på dei fleste gardsbruken. I dag er arten i Austrheim helst knytta til unge kantskogar mot kulturnark.

Sivsporv *Emberiza schoeniclus*

Hekkefugl. Finst ved dei fleste eigna ferskvatna i Austrheim, men det er ikkje mange slike våtmarker i kommunen, så total hekkebestand vart av Kålås (1979) rekna til 7 par. Truleg er dette estimatet noko lågt, oppunder 20 par verkar meir truleg ut ifrå dagens kunnskapsgrunnlag.

PATTEDYR

INSEKTETARAR

Piggsvin *Erinaceus europaeus* Bør overvakast (DM)

Det finst ein god bestand av arten i fastlandsdelen av Austrheim og etter kvart også på somme av dei øyane som har fått brusamband med fastlandet. Men arten er svært sårbar i kalde vintrar, så bestanden varierer nok mykje frå år til anna. I utgangspunktet er truleg piggsvinet introdusert til Austrheim av menneske, men dette er så langt tilbake i tid at ingen kjenner detaljane omkring dette i dag.

Vanleg spissmus *Sorex araneus*

Det ligg ikkje føre opplysningar om førekomst av denne arten i Austrheim, men det er sannsynleg at arten finst i alle fall i fastlandsdelen av kommunen.

FLAGGERMUS

Grunna vanskeleg artsbestemming er flaggermus ei dyregruppe ein veit relativt lite om. Fram

til 1989 var samlingane ved Zoologisk Museum Bergen den viktigaste kjelda til kunnskapen vår om førekomst og utbreiing av dei ulike flaggermusartane i Hordaland. I 1989 og utover på 1990-talet gjennomførte Tor Stormark feltundersøkingar i samband med ei hovudfagsoppgåve. Han gjennomførte også undersøkjingar finansiert av Fylkesmannen si miljøvernnavdeling (ei oppsummering er gitt i Stormark 1996). I 1998 og 1999 gjennomførte Norsk Zoologisk Forening, på oppdrag frå Fylkesmannen si miljøvernnavdeling, ei fylkesdekkande undersøking av flaggermus (Syvertsen m.fl. 2001). Dei nemnde undersøkingane har gitt mykje ny kunnskap om utbreiing og førekomst av flaggermus i Hordaland, og til no er sju artar med sikkerheit registrerte i fylket.

Nokre av flaggermusartane er oppførte i kategorien DM — bør overvakast på den nasjonale raudlista. Dette er først og fremst eit uttrykk for at ein har lite kunnskap om dei. Flaggermus er elles i ein spesiell forvaltingssituasjon, i og med at både dag-, vinter- og barselkoloniar ofte er knytta til bygningar.

Meir informasjon om flaggermus finn du på internetsidene til Norsk Zoologisk Forening. Her ligg det også mykje informasjon om dei andre norske pattedyrtane: <http://www.zoologi.no>

Dvergflaggermus

Pipistrellus pygmaeus

Bør overvakast (DM)

1 ind. registrert ved hjelp av detektor ved Kilstraumen 11.8.1999 (Syvertsen m.fl. 2001).

Vannflaggermus *Myotis daubentonii*

Einskildindivid registrert ved 3 lokalitetar i Austrheim 2.-3. og 11.8.1999: Åråsvatnet, Purkebolsvatnet og Solevatnet (Syvertsen m.fl. 2001). Det er grunn til å tro at arten er rimeleg vanleg utbreidd på eigna stader i Austrheim.

Nordflaggermus *Eptesicus nilssonii*

Truleg den vanlegaste flaggermusarten i Austrheim, som den er elles i store delar av Hordaland. Registrert ved hjelp av detektor ved 6 lokalitetar i Austrheim 2.8.1999: Rasmusvatnet, Åråsvatnet, Austrheim kyrkje, Solevatnet, Solheim og Purkebolsvatnet (Syvertsen m.fl. 2001).

ROVDYR

Raudrev *Vulpes vulpes*

Arten er generelt utbreidd i kommunen, men ikkje på øyar som ikkje har fast samband med fastlandet. Austrheim er mellom dei kommunane i Hordaland som har høgast skotpremie på arten: 150 kroner + nye 150 kroner frå sauealslaget.



Mink. Foto: Ingvar Grastveit.

Mink *Mustela vison*

Nordamerikansk art som vart innført til Noreg som pelsdyr i 1930-åra. Ville minkar er etterkomrarar av dyr som har rømt frå pelsdyrfarmar. Arten er vanleg i heile Austrheim kommune, og er i første rekke knytta til strandsoner og vassdrag.

Røyskatt *Mustela erminea*

Var relativt vanleg i delar av Austrheim på 1970-talet, men skal vere så godt som borte i dag (O. Suren).

Oter *Lutra lutra*

Bør overvakast (DM) Ansvarsart

Oteren har vore mest heilt fråverande i Hordaland i fleire tiår, men har teke til å reetablere seg på 1990-talet. Ekspansjonen held fram enno, og koloniseringa skjer nordfrå. Såleis er Masfjorden og Austrheim førebels dei viktigaste kommunane for arten i vårt fylke. Arten er svært krevande å kartleggje, men det er ikkje urimeleg å tru at det pr. 2002 finst 4-5 par oter i Austrheim. Viktigaste tilhandsstadene er i strandsona der mindre kystvassdrag renn ut eller der det elles er stabil tilgang på ferskvatn året rundt.

HAREDYR

Hare *Lepus timidus*

Austrheim har i dag ingen fast bestand av hare, men arten skal ha vore sett her ein gong på 1970-talet (O. Suren).

GNAGARAR

Ekorn *Sciurus vulgaris*

Arten kom til Austrheim etter eit godt frøår (O. Suren) og utvikla ein periode ein fast bestand. I dag er bestanden på eit lågt nivå att, men heilt fråverande er arten ikkje.

Brunrotte *Rattus norvegicus*

Det fanst brunrotte lokalt i Austrheim tidlegare, men det skal vere lenge siden arten vart sett her (Ø. Vikane).

Lita skogmus *Apodemus sylvaticus*

Arten skal vere fast representert i alle fall i den delen av Austrheim som er knytt til fastlandet, men få konkrete detaljar er kjent. Det råder òg noko uvisse om alle smågnagarar her dreier seg om skogmus, eller om også t.d. markmus finst her. Betre kunnskap om dette tilhøvet ville vere å ønskje.

HJORTEDYR

Elg *Alces alces*

1 ind. skal vere sett ved Litlås kring år 2000 (Ø. Vikane).

Rådyr *Capreolus capreolus*

Austrheim ligg langt frå område i fylket som har fast stamme av rådyr (indre delar av Voss og sør for Hardangerfjorden). Såleis var ein observasjon av eit individ på Store Stonga hausten 2001 i høg grad overraskande, men kjem i eit anna biletet ettersom det vart funne eit daudt rådyr på same øya 10.11 året etter. Same månad (november 2002) vart eit anna rådyr sett ved Toftegård (Terje Dale). Det verkar urimeleg å tru at fleire rådyr kan ha vandra så langt frå eit område med fast stamme utan at tilfeldige registreringar av arten er gjort andre stader næraare kjerneområdet. Det er mogleg at nokre få dyr kan ha blitt sett ut ved hjelp av menneske anten i Austrheim eller i ein nabokommune. Det er ikkje søkt om slikt løyve her, men det har kome nokre få slike framlegg frå andre stader i fylket. Slike søknader har vore konsekvent avslagne.


Hjort *Cervus elaphus*

Hjorten er den største jaktressursen i Austrheim, som i dei fleste andre kommunane i Hordaland. I 2002 vart det felt 48 dyr i kommunen, og dette utgjer ei slaktevekt på ca. 2,6 tonn og ein førs-tehands kjøtverdi på rundt 133 000 kr. Talet på felte dyr har auka vesentleg dei siste tiåra, slik det også har gjort i dei andre kommunane på Vestlandet. Fellingsprosenten har variert ein god del, frå 55% i 1992 til 95% i 2000 (100% i 1983 og 1987, men då var kvotene langt lågare enn no). Sidan 1995 har fellingsprosenten vore jamnt høg — 77% eller over dette.

Austrheim har i dag ei god hjortestamme, som har utvikla seg raskt. I «nyare tid» kom arten til kommunen først på slutten av 1950-talet, litt etter at den etablerte seg t.d. i Masfjorden (1956). I dag finst det hjort dei fleste stader i

kommunen. Det er vanskeleg å greie ut gode avgrensingar av dei viktigaste hjortområda i ein slik kommune uten så stort topografisk relief, og på viltkartet er difor ikkje trekkvegar for arten

teikna inn. I røynda er det meste av Austrheim lett tilgjengeleg for hjorten, og arten har då også teke areala i bruk.



Figur 1. Tal felte hjort og tildelte løyve i Austrheim 1984-2003.



© Viggo Ree

8. KVA BØR KARTLEGGAST BETRE?

Feltarbeid er naudsynt for å kontrollere ein del innsamla opplysningar og for å danne seg eit bilet av ulike naturområde som skal vurderast. Feltarbeidet vil dessutan alltid føre med seg konkrete observasjonar som er verdfulle ved den faglege vurderinga av områda som viltområde. I ein del tilfelle vil ein òg kunne gjere nye registreringar som dannar grunnlag for nye prioriterte viltområde. Ikke minst vil feltarbeid kunne auke presisjonen av viltopplysningsane, noko som er svært viktig for å kunne drive god og presis forvalting.

I mange norske kommunar har ein av ressursmessige årsaker berre i liten grad kunne nytte feltarbeid for kontroll og avgrensing av viltområda. Austrheim er bra stilt i så måte, men ved framtidige revisjonar av viltkartverket er det naudsynt at feltregistreringar også då får ein viktig plass i kartlegginga. Her blir dagens kartlegging eit viktig grunnlag for det vidare arbeidet. Under er det foreslått nokre konkrete felt der ein treng meir kunnskap i Austrheim:

Betre avgrensing av store viltområde. Ei god avgrensing av eit viltområde krev eit godt fagleg grunnlag. I nokre tilfeller vert viltområda større enn dei treng fordi ein ikkje har fullgod detaljkunnskap. Det finst eit par døme på dette på søndre del av Fosnhalvøya. Ei betre viltregistrering i slike område ville kunne snevre inn det kartfesta viltområdet utan at viltinteressene trong bli skadelidande. I så fall må ei meir målretta kartlegging utførast i slike område.

Sjøfuglkartlegging. Det pågår for tida eit omfattande kartleggingsprogram av sjøfugl på Vestlandet i regi av fylkesmennene. Her vil det dei nærmaste åra kome ny og oppdatert kunnskap om sjøfuglførekostane. Sjøfugl er særsviktig i ein kommune som Austrheim, slik at viltkarta bør oppgraderast når desse nye opplysningane er tilgjengelege. Det bør heller ikkje gå for lang tid før eit slikt registreringsgrunnlag vert oppdatert, for særleg viltartar knytta mot det marine miljøet er underlagt store endringar over ganske få år.

Småpattedyr. Kartlegging av småpattedyr som m.a. flaggermus er viktig, men særskilt krevande og er ein jobb for spesialistar. Dersom høvet skulle kome, bør ein nyte sjansen til å få utvida kunnskapsgrunnlaget om slike dyregrupper i denne delen av fylket. Dersom ein skulle bli kjent med barselkoloniar eller andre viktige samlingsplassar for flaggermus i bygningar eller andre stader, må ein vurdere nøyde kva tiltak ein set i verk slike stader. Førekomsten av smågnagarar er òg dårleg kartlagt i Austrheim.

Kartlegging av spesielt krevande viltartar. Nokre artar krev store ressursar i form av økonomi og initiativ for å kunne kartlegge fullgjort. I Austrheim merkar hubro og oter seg særskilt ut i ein slik samanheng. Det er viktig å ha best mogleg oversikt over situasjonen for slike artar, så dersom einskildpersonar eller instansar ynskjer å engasjere seg i detaljkartlegging på dette nivået, bør slike tiltak støttast og stimulerast dersom ein har høve til det.



Gjennom ulike verneplanarbeid er det blitt kartlagt ei rekke viktige biotopar i Hordaland, og for dei høgst prioriterte er kartlegginga følgt opp med eit vernevedtak etter naturvern-lova. Marsklandskapet ved Leirvågen, som er særskilt spesielt, vart likevel oversett då ei omfattande registrering av havstrender vart gjort på 1980-talet. Staden vart først opp-daga av ornitologar ved slutten av 1990-talet, og lokaliteten har vist seg å huse særskilt interessante viltartar. Marsken ved Leirvågen er eit godt døme på at nye og oppdaterte registreringar ofte vil bringe ny kunnskap. Foto: Ingvar Grastveit.

9. BRUKARINTERESSER I NATUREN OG KONFLIKTAR I FORHOLD TIL VILTET

Det kan ofte oppstå konfliktar mellom viltinteresser og vår eigen arealbruk og næringsinteresser. Under blir det gitt ein omtale av nokre av dei vanlegaste konfliktområda, sjølv om nokre av desse har liten relevans for Austrheim.

SKOGBRUK

Den tradisjonelle konflikten mellom vilt og skogbruk er knytt til utnytting av produktiv skog for tømmerproduksjon. Etter innføringa flathogst og omfattande treslagsskifte på 1950-talet, har fleire viltartar vist bestandstilbakegang. Det er særleg arealkrevjande artar (t.d. hønsehauk og storfugl) og artar som til dels er avhengige av død ved (t.d. kvitryggspett og gråspett), som taklar dei moderne driftsformene därleg. Dei fleste stader i Austrheim er denne problemstillinga lite aktuell, ettersom skogarealet er lite og det som finst av skog stort i stor grad er ung planteskog. Men der det finst eldre furuskog eller lauvskog eller krattskog mot t.d. våtmarker, bør ein ta omsyn til viltet ved hogst eller rydding, og alltid la ein del slike område stå relativt urørde. Der ein kjenner til konkrete hekkeplassar av fátalige artar, som t.d. hønsehauk og havørn, må ein sjølv sagt ta særskilde omsyn. Ved framtidig hogst av kulturskogen er det viktig å ta omsyn til naturleg vegetasjon langs myrar og vassdrag, slik at ein ikkje påfører denne unødig skade.

JORDBRUK

Også jordbrukslandskapet er viktig for mange viltartar. Mange viltartar finst i høgare tal i jordbrukslandskapet enn dei ville ha gjort naturleg. Jordbrukslandskapet er kjenneteikna ved høg primærproduksjon, noko som også viltet kan dra nytte av (Jordbruksområda får kunstig høg planteproduksjon ved gjødsling, og i tillegg er jordbruksareala som regel lagt til dei frå før mest produktive områda). Særleg det småskala jordbrukslandskapet, er samansett av ei rekke ulike biotopar med leveområde for mange ulike viltartar.

Mange av viltartane finst truleg i høgare tal i jordbrukslandskapet enn i dei naturlege leveområda sine. Enkelte artar ville òg vore sjeldne eller kanskje heilt fráverande lokalt, utan jordbrukslandskapet (t.d. låvesvale, stare og gråsporv).

Intensivering og mekanisering av jordbruket har ført til eit meir einsarta landskap der tilgangen

på ulike levestader er lågare enn ved tradisjonell jordbruksdrift. Karakteristiske trekk ved dagens jordbruk som kan ha negative konsekvensar for viltet er: Attgroing av beitemark, kanalisering og lukking av bekkar, grøfting av fuktmark, fjerning av kantskog og åkerholmar, sprøyting, vassforureining ved utslepp av gjødsel og siloshaft, tørrlegging og oppdyrkning av våtmark.

Viltet på si side kan ha uønskte verknader på landbruket. Særleg kan ei veksande hjortestamme føre til auka problem med beiteskadar på skog og innmark.

(Lynghiområda i Austrheim kan også reknast til jordbrukslandskapet. Denne naturtypen var mykje vanlegare for berre nokre tiår sidan. Mange av lynghiområda er no i ferd med å bli til skog, slik situasjonen var før menneska tok i bruk dette arealet til beiteområde for om lag 5000 år sidan. For viltet betyr dette at artar som langs kysten typisk er knytt til lynghelandskapet, som orrfugl, storspove og heipiplerke, blir mindre vanlege i desse områda, medan artar knytt til skog etterkvart vil ta over. Dette er ein naturleg prosess og har ingen dramatiske konsekvensar for dei artane som tidlegare levde på lynghieane. Ingen viltartar er utelukkande knytt til lynghei, og dersom skogen får utvikle seg og bli gamal, vil dette bli meir artsrike område enn det lynghieane var).

FRILUFTSLIV OG FERDSLE

I Noreg har allmenta lovfesta rett til fri ferdsle i utmarka. Dette gjeld dei fleste former for friluftsliv, men med visse avgrensingar (jakt, fiske og motorisert- og organisert ferdsle). Ferdsle i utmark er ofte eit resultat av den einskilde si interesse for natur og naturopplevelingar. Likevel vil slik ferdsle, både til lands og på vatn, nesten alltid kunne ha visse negative konsekvensar for viltet. Spesielt i yngletida er mange viltartar vare for uroing, men også til andre årstider kan stress på grunn av ferdsle føre til at somme artar endrar bruken av området. Stor generell ferdsle kan føre til lavare bestandar av fleire artar som t.d. hjortevilt, hønsefugl og rovfugl. Hundar kan gjere stor skade på viltet dersom dei blir slepte laus i viltet si yngletid. Det er difor innført generell bandtvang i Noreg i tida mellom 1. april - 20. august, og mange kommunar i Hordaland har strengare reglar for bandtvang enn dette.

JAKT

Som ved anna ferdslle i utmark kan jakt, ved ferdsla i seg sjølv, ha uheldige verknader på viltet, også dei artane som ikkje er jaktbare. Jakta føregår imidlertid til den tida på året der viltet er minst sårbart for uroing.

Når det gjeld hjortevilt, er jakta eit viktig bestandsregulerande verkemiddel. Prinsippet om retta avskyting er innført for å oppnå ei ønska kjønns- og alderssamansetjing i bestanden for dermed å oppnå optimal produksjon. Retta avskyting føreset at ein har god kjennskap til bestandsstorleik og alders- og kjønnsfordelinga i bestanden. «Altfor store» bestandar av hjortevilt kan føre til lavare slaktevekter (generelt därlegare kondisjon), redusert overleving og store beiteskadar på skog og innmark. Kor stor ein ynskjer at bestanden av dei ulike hjorteviltartane skal vere blir difor ei avveging mellom optimal produksjon i forhold til tilgjengeleg beite og omfangset av beiteskadar.

Generelt er uttaket av vilt i samband med jakta antatt å ha liten innverknad på viltbestandane talmessig. Likevel vil eit høgt lokalt jaktpress over tid truleg kunne føre til ein reduksjon i lokale viltbestandar (Kastdalen 1992, Hjeljord 1994), både som ein følgje av uttaket og ved at viltet flyttar til andre område. Difor er det viktig at den lokale viltforvaltninga til ei kvar tid vurderer kvar grensa for forsvarleg uttak går.

FAUNAKRIMINALITET

Jakt og fangst av freda vilt, særleg truga og sårbare rovfuglar og ugler, er eit utbreidd problem på landsbasis. Dette gjeld både ulovleg felling av det nokre oppfatter som «skadevilt», felling av sjeldne artar for utstopping og ulovleg innsamling av egg og ungar t.d. for falkonering. I Noreg er det generelt forbod mot eggsamling, og medviten forstyrring av hekke/yngleplassar kan også i alvorlege tilfelle reknast som faunakriminalitet. Omfanget av slik aktivitet lokalt i Austrheim er ikkje kjent, men ved mistanke om ulovleg eller uansvarleg aktivitet bør lensmannsetaten og miljøvernansvarleg i kommunen varslast. I enkelte tilfelle kan det vere aktuelt å vurdere eit oppsynssamarbeid med folk frå lokalmiljøet.

BUSTADOMRÅDE OG INDUSTRI

Bygging av bustadar, industri, havneområde osv. vil alltid ha visse negative konsekvensar for enkelte viltartar. Direkte ved sjølve arealinngrepet og indirekte ved auka aktivitet, ferdsel og støy. I framtidig arealforvalting er det viktig at

industri, bustadfelt eller hyttefelt ikkje blir lagt innanfor prioriterte viltområde og heller ikkje så nær opptil desse at dei blir vesentleg negativt påverka.

VEGAR

Vegbygging har gjennom tidene forringa mange viltområde. Vegbygging fører ofte til store inngrep i viktige viltområde ved fragmentering av landskapet. Dette gjeld både bilvegar, jernbane, anleggsvegar og traktor-/skogsbilvegar. Vegframføring opnar òg for lettare tilkomst til område som frå før var lite tilgjengelege. Dette kan føre til auka fortyrringseffekt langt utanfor området langs sjølve vegtraséen. Påkøyring av vilt i vegbanen er også stadvis eit alvorleg problem, ikkje berre for viltet, men også når det gjeld trafikktryggleik. Ved nøyne planlegging og tilrettelegging kan skadeverknadane avgrensast.

VASSDRAGSREGULERING

Regulering av vassdrag, t.d. i samband med drikkevassforsyning eller smoltproduksjon, kan ha uheldige verknadar på viltet. Det kan føre til oversvømming av hekkeområde og därlegare næringstilgang gjennom uttørking av bekkar (t.d. därlegare produksjon av fisk, botndyr og insekt). Når det gjeld endringar i vasstand er særleg lomartane utsette fordi dei oftast bygger reiret like i vasskanten.

KRAFTLEIDNINGAR

Kollisjon med kraftleidningar tek livet av svært mykje fugl, og dei årlege tala er truleg sjusifra. Når det gjeld dei jaktbare artane, særleg hønsefuglar, reknar ein med at kraftleidningar kvart år tek livet av fleire fuglar enn det som blir felt under jakta.

Det er dei mindre høgspentlinjene som er farlegast for viltet, fordi dei er mindre synlege og ofte ligg i høgde med tretoppane. Men også større høgspentliner er farlege, særleg i skumringa og om natta.

Dei fleste fuglane misser livet ved kollisjon med leidningane, men enkelte rovfuglar og ugler er også utsette for såkalla elektrokusjon. Desse brukar stolpane som utkikkspost og kan få straum gjennom seg når dei rører ved to leidningar eller leidning og jord samstundes. Problemet er kjent både for hubro og hønsehauk, men hubroen er særleg utsett. Problemet kan fjernast ved å isolere leidningane med plaststrømper dei første metrane ut frå kvar stolpe.

På grunn av faren for påflyging og elektrokusjon, er det viktig å ta omsyn til viltet ved plassering av nye linetraséar. Ein bør unngå å legge kraftlinjer gjennom dei prioriterte viltområda, men dersom det likevel ikkje er til å unngå, kan god planlegging redusere skadeverknadane. Kraftlinjer bør ikkje leggast i inn- og utflygingsruta frå våtmarkslokaltetar, nær spellassar for skogshøns eller i nærleiken av hekkeplassar for rovfugl og hubro. I særleg utsette område bør ein vurdere jordkabel.

AVFALL

Opne avfallslassar har ofte blitt trekte fram i samband med uønskt store populasjonar av rev og kråkefugl, som blir sett på som viktige preda-



Frå tid til anna oppstår kampanjar for å redusere kråkebestanden ulike stader i Noreg. Aksjonane vert fremja som viltstelltiltak, som eit forsøk på å auke bestanden av «nyttevilt» ved å beskrive potensielle predatorar. Like fullt er den faglege grunngjevinga for slike aksjonar ofte mangelfull — det er høgst uklart kva effekt ein kråkebestand har på bestanden av andre lokale viltartar. I Noreg er kråka no ein jaktbar viltart på line med mange andre artar, med ordinært fastsett jakttidsramme. Foto: Ingvar Grastveit.

torar på egg og ungar av jaktbart vilt. *Kor stor rolle kråkefuglane spelar her er høgst usikkert. Reven ser ut til å spele ei langt viktigare rolle enn både rovfugl, kråkefugl og mårdyr når det gjeld regulering av skogshønsbestandane.* I Aust-Agder vart det dokumentert ein auke i bestandane av både mår, hønsehauk og storfugl ein periode etter utbrotet av reveskabb (Selås m. fl. 1995).

Små, private avfallslassar kan ha den same effekten som større kommunale fyllingar. Det har òg blitt reist spørsmål om slakteavfall frå hjortejakta kan vere med å oppretthalde «kunstig» høge bestandar av rev og kråkefugl (Smedshaug & Sonerud 1997). Dersom ein har mistanke om at dette kan vere eit problem, bør ein ta konsekvensen av dette og «feie for eiga dør».

OPPDRETTSANLEGG

Oppdrettsanlegg legg beslag på areal i kystsona og i og ved enkelte ferskvatn. Dette kan føre til visse konfliktar i høve til viltinteressene. Eit oppdrettsanlegg kan ha ein direkte uroingseffekt, og plassering av anlegget nært kjende hekkeplassar for sjøfugl og andre nøkkelområde for viltet kan vere uehdlig. Andre konfliktar går på at enkelte dyreartar nyttar oppdrettsanlegg som matfat. Dei mest aktuelle «konfliktartane» er skarv, gråhegre, måsar (spesielt gråmåse og svartbak), ærfugl (som et blåskjel), oter og steinkobbe. Ei undersøking mellom fiskeoppdrettarane i Hordaland som Fiskeridirektoratet og fylkesmannen samarbeidde om i 2001 tyder likevel på at konflikten mellom oppdrettsverksemد og vilt ikkje er særskilt stor i Hordaland.

Det er viktig at ein tar omsyn til denne problematikken ved framtidig plassering av oppdrettsanlegg. Dersom plassering av anlegga blir gjort i samråd med viltstyresmaktene, vil ein i større grad kunne unngå opplagte konfliktar.

10. INFORMANTAR

Ei lang rekke personar har medverka til innhalten i denne rapporten. Særleg viktige har viltinteresserte personar som bur i Austrheim vore, då særleg Øystein Vikane, Odd Surén, Knut Daae, Willy Villanger, Terje Dale, Hans Jakob Lygre og Rein Midteng vore. Særleg for fuglelivet har dessutan medlemer av Norsk Ornitologisk Forening som har vore delaktige i ring-

merkinga ved Purkebolsvatnet sidan 1997 vore sentrale. Dette gjeld særleg: Tor Bjarte Reigstad, Ingvar Grastveit, Alf Tore Mjøs, Frode Falkenberg, Tore Svendsen og Gunnar Kjeilen. Takk skal også Bjørn Moe ha, for medverknad i felt og utveksling av informasjon om aktuelle registreringar ved parallelt felter arbeid.

11. LITTERATUR

- Byrkjeland, S. 1993. Hekkande sjøfugl i Hordaland 1993. *Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern-avd., rapp. 14/1993: 1-49.*
- Byrkjeland, S. 1997. Viltfaglege registreringer i samband med planlagt kondensatledning Kollsnes - Sture - Mongstad. *Rapport for StatOil.*
- Byrkjeland, S. 1999. Status for hekkande sjøfugl i Hordaland 1980-1998. *Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernnavd. MVA Rapport nr. 2/1999. 106 s. + vedlegg.*
- Byrkjeland, S. 1999. Ornitologiske registreringar ved Purkebolsvatnet, Austrheim kommune 1999. Norsk Ornitologisk Forening avd. Hordaland, rapport.
- Byrkjeland, S. & Sætre, J. 1999. *Sjøfugl i Hordaland utanom hekketid.* Intern rapport til Fylkesmannen i Hordaland.
- Danielsen, I. 1996. Handlingsplan for truete og sårbare viltarter i Hordaland - med rødliste. *MVA-rapport 2-1996. 74 s.*
- Direktoratet for naturforvaltning 1996. *Viltkartlegging. DN-håndbok 11. 112 s.*
- Direktoratet for naturforvaltning 1999. Nasjonal rødliste for truete arter i Norge 1998. *DN-rapport 1999-3. 162 s.*
- Gjershaug, J.O., Thingstad, P.G., Eldøy, S. & Byrkjeland, S. (red.) 1994. *Norsk fugleatlas.* Norsk Ornitologisk Forening, Klæbu.
- Hjeljord, O. 1995. Ryper og jakt. Hvor stort uttak tåler en rypestamme? *Fagnytt Naturforvaltning nr. 6-1995. 4 s.*
- Håland, A. 1979. Invasjonsartet opptreden av taffeland. *Krompen 8: 87-93.*
- Håland, A. 1985. Taksering av mytende ærfugl *Somateria mollissima* i SV-Norge. *Zool. Mus., Univ. i Bergen, rapp. ornitologi 22: 1-25.*
- Håland, A. & Byrkjeland, S. 1985. Vinterstellingar av sjøfugl i Nordhordland februar 1985. *Zool. Mus., Univ. i Bergen, Rapp. Ornitolgi nr. 23: 1-69.*
- Jacobsen, O. 1984. Haukugleinvasjonen i Hordaland høsten 1983. *Krompen 13: 133-135.*
- Kastdal, I. 1992. Skogshøns og jakt. - *Rapport, Norges Jeger og Fiskerforbund. 37s.*
- Kålås, J.A. 1979. Våtmarksfugl i Austrheim og Lindås 1979. *Krompen 8: 121-125.*
- Moe, B. 2003. Kartlegging av naturtypar i Austrheim. *MVA-rapport 1/2003.*
- Selås, V., Smedshaug, C.A., Lund, S.E. & Sonerud, G. 1995. Reveskabbenes betydning for småviltet i Norge. *Fagnytt naturforvaltning nr. 10-1995: 1-4. Norges landbruks-høgskole.*
- Smedshaug, C.A. og Sonerud, G.A. 1997. Rovdyr, åtsler og predasjon på småvilt. *Fagnytt natur-forvaltning nr. 8-1997: 1-4. Norges landbruks-høgskole.*
- Steen, O.F. 1996. Vandrefalkens bestandsstatus i Norge - fylkesoversikt pr. 1995. *Vandrefalken 3: 7.*
- Stormark, T.A. 1996. Flaggermus i Hordaland. Del III, s. 174-180 i Olsen, K.M. (red.): Kunnskaps-status for flaggermus i Norge. *Norsk Zoologisk Forening. Rapport 2. 210 s.*
- Syvertsen, P.O., Isaksen, K., Olsen, K.M., Rigstad, K. og Starholm, T. 2001. Kartlegging av flagger-mus i Hordaland. Kunnskapsstatus 1999. *Norsk Zoologisk Forening. Rapport 9, manu-skript.*

VEDLEGG I. ARTSLISTE

I den følgjande artslista har vi prøvd å gje ein grov kvantitativ status for dei ulike viltartane i Austrheim. Mange av desse vurderingane er høgst skjønsmessige. For det første er kunnskapsgrunnlaget i mange tilfelle for därleg. Og særleg når det gjeld ein del fuglearter varierer talet svært mykje frå årstid til årstid og frå år til år. Det er sjølv sagt òg store nyansar i førekomensten artane imellom, og ikkje minst mellom dei ulike artsgruppene, som er umogleg å få fram i ei slik oversikt. For nokre artar, der ein meiner å ha grunnlag for det, er det gjort eit estimat for talet på hekkepar. Dette estimatet gjeld pr. 2003. For somme sjøfuglartar er det også antyda kor stor vinterbestanden pr. 1999 var estimert til å vere. Det vil òg vere mogleg å finna meir utfyllande informasjon i statuskapitlet. Ein del av vurderingane i lista kan heilt sikkert diskuterast, og det er eit ønske at ein i framtida skal få betre kunnskap om dei ulike artane sin status i kommunen.

Kodar nytta i artslista:

| Status | Førekomst |
|----------------------|----------------------------|
| D konstatert yngling | (x) enkeltobservasjoner |
| C sannsynlig yngling | (xx) fátalig, uregelmessig |
| B mogleg yngling | X fátalig, regelmessig |
| O observert | XX vanlig |
| * tidlegare | XXX talrik |

Oppsummering:

| Gruppe | Status | | | | Totalt |
|----------|--------|----|----|----|--------|
| | D | C | B | O | |
| Amfibium | 2 | 0 | 0 | 0 | 2 |
| Krypdyr | 0 | 1 | 0 | 1 | 2 |
| Fuglar | 56 | 21 | 9 | 69 | 155 |
| Pattedyr | 4 | 6 | 2 | 4 | 16 |
| Totalt | 62 | 28 | 11 | 74 | 175 |

| Norsk namn | Vitskapeleg namn | Status | Førekomst | | | |
|----------------------|----------------------------------|--------|-----------|------------|-------|---------|
| | | | Vår | Sommar | Haust | Vinter |
| AMFIBIUM | | | | | | |
| Padde | <i>Bufo bufo</i> | D | XXX | XXX | XXX | I dvale |
| Frosk | <i>Rana temporaria</i> | D | XX | XX | XX | I dvale |
| KRYPDYR | | | | | | |
| Hoggorm | <i>Vipera berus</i> | C | X | X | X | I dvale |
| Havlærskilpadde | <i>Dermochelys coriacea</i> | O | | (x) | | |
| FUGLAR | | | | | | |
| LOMMAR | | | | | | |
| Smålom | <i>Gavia stellata</i> | O | | (x) | | 0-2 |
| DYKKARAR | | | | | | |
| Dvergdukkar | <i>Tachybaptus ruficollis</i> | O | | | (x) | |
| Gråstruppedukkar | <i>Podiceps grisegena</i> | O | | | | ≤3 |
| STORMFUGLAR | | | | | | |
| Havhest | <i>Fulmarus glacialis</i> | O | | X | X | |
| PELIKANFUGLAR | | | | | | |
| Havsvule | <i>Sula bassana</i> | O | X | (x) | X | X |
| Storskav | <i>Phalacrocorax carbo</i> | O | XX | (x) | XX | ca. 250 |
| Toppeskav | <i>Phalacrocorax aristotelis</i> | O | X | X | XX | ca. 60 |
| STORKEFUGLAR | | | | | | |
| Gråhegre | <i>Ardea cinerea</i> | D | XX | ca. 40 par | XX | ca. 40 |
| ANDEFUGLAR | | | | | | |
| Knoppsvane | <i>Cygnus olor</i> | O | (x) | | | |
| Sangsvane | <i>Cygnus cygnus</i> | O | X | | | 20-30 |
| Grågås | <i>Anser anser</i> | D | XX | ca. 30 par | XX | |
| Kanadagås | <i>Branta canadensis</i> | D | X | X | X | |
| Ringgås | <i>Branta bernicla</i> | O | | (x) | | |
| Gravand | <i>Tadorna tadorna</i> | O | | (x) | | |

| Norsk namn | Vitskapeleg namn | Status | Førekomst | | | |
|--------------------|------------------------------|--------|-----------|-------------|-------|---------|
| | | | Vår | Sommar | Haust | Vinter |
| Brunnakke | <i>Anas penelope</i> | D | XX | ca. 7 par | XX | |
| Krikkand | <i>Anas crecca</i> | D | XX | ca. 11 par | XX | |
| Stokkand | <i>Anas platyrhynchos</i> | D | XX | ca. 9 par | XX | XX |
| Stjertand | <i>Anas acuta</i> | O | (x) | | | |
| Taffeland | <i>Aythya ferina</i> | O | | | (x) | |
| Toppand | <i>Aythya fuligula</i> | C | XX | XX | XX | XX |
| Bergand | <i>Aythya marila</i> | O | | | | (xx) |
| Ærfugl | <i>Somateria mollissima</i> | D | XXX | 200-400 | XXX | ca. 800 |
| Havelle | <i>Clangula hyemalis</i> | O | XXX | | XX | ca. 230 |
| Svartand | <i>Melanitta nigra</i> | O | XX | XX | X | <10 |
| Sjørre | <i>Melanitta fusca</i> | O | X | | | <5 |
| Kvinand | <i>Bucephala clangula</i> | O | XX | X | XX | ca. 200 |
| Siland | <i>Mergus serrator</i> | D | XX | 30-50 | XX | ca. 230 |
| Laksand | <i>Mergus merganser</i> | O | | | | (x) |
| ROVFUGLAR | | | | | | |
| Havørn | <i>Haliaeetus albicilla</i> | D | XX | 1-2 par | XX | XX |
| Hønsehauk | <i>Accipiter gentilis</i> | D | X | 0-1 par | X | X |
| Sporvehauk | <i>Accipiter nisus</i> | B | X | X | X | X |
| Fjellvåk | <i>Buteo lagopus</i> | O | | | X | (x) |
| Kongeørn | <i>Aquila chrysaetos</i> | O | X | | X | X |
| Tårfalk | <i>Falco tinnunculus</i> | O | | | X | |
| Dvergfalk | <i>Falco columbarius</i> | O | (x) | | | |
| Vandrefalk | <i>Falco peregrinus</i> | O | (x) | | (x) | (x) |
| HØNSEFUGLAR | | | | | | |
| Orrfugl | <i>Tetrao tetrix</i> | O | X | | X | X |
| TRANEFUGLAR | | | | | | |
| Vassrikse | <i>Rallus aquaticus</i> | B | (x) | | (x) | X |
| Åkerrikse | <i>Crex crex</i> | B | (xx) | (xx) | | |
| Sivhøne | <i>Gallinula chloropus</i> | O | | | (x) | |
| Sothøne | <i>Fulica atra</i> | B | (x) | | | |
| VADEFUGLAR | | | | | | |
| Tjeld | <i>Haematopus ostralegus</i> | D | XXX | 120-200 par | XXX | |
| Sandlo | <i>Charadrius hiaticula</i> | C | X | ≤3 | X | |
| Heilo | <i>Pluvialis apricaria</i> | O | X | | X | |
| Tundralo | <i>Pluvialis squatarola</i> | O | | | (x) | |
| Sandløpar | <i>Calidris alba</i> | O | | | (x) | |
| Vipe | <i>Vanellus vanellus</i> | D | XX | ca. 25 par | XX | |
| Dvergsnipe | <i>Calidris minuta</i> | O | | | (x) | |
| Fjøreplitt | <i>Calidris maritima</i> | O | | | X | 55-100 |
| Myrsnipe | <i>Calidris alpina</i> | O | | X | XX | |
| Brushane | <i>Philomachus pugnax</i> | O | | | X | |
| Kvartbekkasin | <i>Lymnocryptes minimus</i> | O | | | X | |
| Enkeltbekkasin | <i>Gallinago gallinago</i> | D | XX | ca. 10 par | XX | |
| Rugde | <i>Scolopax rusticola</i> | B | X? | X? | X | (x) |
| Småspove | <i>Numenius phaeopus</i> | C | X | X | | |
| Storspove | <i>Numenius arquata</i> | D | XX | ca. 25 par | XX | |
| Raudstilk | <i>Tringa totanus</i> | D | XX | <10 par | XX | |
| Gluttsnipe | <i>Tringa nebularia</i> | O | | | X | |
| Skogsnipe | <i>Tringa ochropus</i> | O | | | (x) | |
| Grønstilk | <i>Tringa glareola</i> | O | (xx) | | | |
| Strandsnipe | <i>Actitis hypoleucos</i> | D | XX | XX | XX | |
| Steinvendar | <i>Arenaria interpres</i> | O | | | X | X |

| Norsk namn | Vitskapeleg namn | Status | Førekomst | | | |
|------------------------------|---------------------------------|--------|-----------|-------------|-------|--------|
| | | | Vår | Sommar | Haust | Vinter |
| JOAR, MÅSAR OG TERNER | | | | | | |
| Tjuvjo | <i>Stercorarius parasiticus</i> | D* | X | X | X | |
| Hettémåse | <i>Larus ridibundus</i> | O | X? | | X | |
| Fiskemåse | <i>Larus canus</i> | D | XXX | 200-350 par | XXX | |
| Sildemåse | <i>Larus fuscus intermedius</i> | D | XX | 50-80 par | XX | |
| Britisk sildemåse | <i>L. f. graellsii</i> | | (x) | | | |
| Gråmåse | <i>Larus argentatus</i> | D | XXX | ca. 250 par | XXX | XXX |
| Svartbak | <i>Larus marinus</i> | D | XXX | ca. 150 par | XXX | XXX |
| Krykkje | <i>Rissa tridactyla</i> | O | X | (xx) | X | X |
| Makrellterne | <i>Sterna hirundo</i> | D | XX | <50 par | XX | |
| Raudnebbterne | <i>Sterna paradisaea</i> | D | XX | <50 par | XX | |
| ALKEFUGLAR | | | | | | |
| Lomvi | <i>Uria aalge</i> | O | X | | X | <10 |
| Alke | <i>Alca torda</i> | O | | | | (xx)? |
| Teist | <i>Cephus grylle</i> | D* | X | ≤2 par | X | <5 |
| Alkekonge | <i>Alle alle</i> | O | | | | X |
| Lunde | <i>Fratercula arctica</i> | O | (xx) | | | (xx) |
| DUER | | | | | | |
| Ringdue | <i>Columba palumbus</i> | D | XX | ca. 40 par | XX | |
| Tyrkerdue | <i>Streptopelia decaocto</i> | D | (xx) | (xx) | (xx) | (x) |
| GAUKEFUGLAR | | | | | | |
| Gauk | <i>Cuculus canorus</i> | C | X | X | X | |
| UGLER | | | | | | |
| Hubro | <i>Bubo bubo</i> | D | X | ≤4 par | X | X |
| Snøugle | <i>Nyctea scandiaca</i> | O | | | | (x)? |
| Haukugle | <i>Surnia ulula</i> | O | | | | (x) |
| Kattugle | <i>Strix aluco</i> | C | XX | ca. 10 par | XX | XX |
| Hornugle | <i>Asio otus</i> | D | (xx) | (xx) | | |
| Jordugle | <i>Asio flammeus</i> | O | | (x) | | (x) |
| SEGLARAR | | | | | | |
| Tårnseglar | <i>Apus apus</i> | O | | (xx) | | |
| SPETTEFUGLAR | | | | | | |
| Vendehals | <i>Jynx torquilla</i> | C* | (xx) | (xx) | | |
| Gråspett | <i>Picus canus</i> | O | (x) | | (x) | |
| Grønspett | <i>Picus viridis</i> | O | | | | (x) |
| Flaggspett | <i>Dendrocopos major</i> | O | | | XX | XX |
| SPORVEFUGLAR | | | | | | |
| Songlerke | <i>Alauda arvensis</i> | B | X | X | XX | |
| Fjellerke | <i>Eremophila alpestris</i> | O | | | | |
| Sandsvale | <i>Riparia riparia</i> | C | | X | XX | |
| Låvesvale | <i>Hirundo rustica</i> | D | XX | 50-100 par | XXX | |
| Taksvale | <i>Delichon urbica</i> | D | X | | X | |
| Heipiplerke | <i>Anthus pratensis</i> | D | XXX | XXX | XXX | |
| Skjærpiplerke | <i>Anthus petrosus</i> | C | XX | XX | XX | |
| Gulerle | <i>Motacilla flava</i> | O | | | | |
| Såerle | <i>M. f. thunbergii</i> | | | | | (x) |
| Gulerle (sørleg) | <i>M. f. flava</i> | | (x) | | | |
| Vintererle | <i>Motacilla cinerea</i> | O | | | | (x) |
| Linerle | <i>Motacilla alba alba</i> | D | XXX | XXX | XXX | |
| Svartryggerle | <i>M.a. yarrellii</i> | | (x) | | | |
| Sidensvans | <i>Bombycilla garrulus</i> | O | | | | (xx) |
| Fossekall | <i>Cinclus cinclus</i> | D | (xx) | (xx) | X | X |
| Gjerdesmett | <i>Troglodytes troglodytes</i> | D | XX | XX | XXX | X |

| Norsk namn | Vitskapeleg namn | Status | Førekomst | | | |
|----------------------|-----------------------------------|--------|-----------|------------|-------|--------|
| | | | Vår | Sommar | Haust | Vinter |
| Jernsporv | <i>Prunella modularis</i> | D | XXX | XXX | XXX | |
| Raudstrupe | <i>Erithacus rubecula</i> | D | XX | XX | XX | X |
| Raudstjert | <i>Phoenicurus phoenicurus</i> | O | | | (x) | |
| Buskskvett | <i>Saxicola rubetra</i> | D | XX | XX | XXX | |
| Steinskvett | <i>Oenanthe oenanthe</i> | D | XX | XX | XX | |
| Svartrast | <i>Turdus merula</i> | D | XXX | XXX | XXX | XXX |
| Gråtrast | <i>Turdus pilaris</i> | D | XX | XX | XX | X |
| Måltrast | <i>Turdus philomelos</i> | D | X | X | X | |
| Raudvengetrast | <i>Turdus iliacus</i> | D | XX | XX | XXX | X |
| Sivsongar | <i>Acrocephalus schoenobaenus</i> | D | XX | ca. 10 par | XX | |
| Åkersongar | <i>Acrocephalus agricola</i> | O | | | (x) | |
| Rørsongar | <i>Acrocephalus scirpaceus</i> | O | | | (xx) | |
| Tornsongar | <i>Sylvia communis</i> | C | X | X | X | |
| Hagesongar | <i>Sylvia borin</i> | O | | | (x) | |
| Munk | <i>Sylvia atricapilla</i> | B | X | X | X | |
| Gransongar | <i>Phylloscopus collybita</i> | C | X | X | X | |
| Lauvsongar | <i>Phylloscopus trochilus</i> | D | XXX | XXX | XXX | |
| Fuglekonge | <i>Regulus regulus</i> | D | XXX | XXX | XXX | XX |
| Svartvitflugesnappar | <i>Ficedula hypoleuca</i> | D | X | X | X | |
| Stjertmeis | <i>Aegithalos caudatus</i> | O | | | (xx) | (xx) |
| Lauvmeis | <i>Parus palustris</i> | C | X | X | X | X |
| Granmeis | <i>Parus montanus</i> | D | XX | XX | XXX | XX |
| Toppmeis | <i>Parus cristatus</i> | D | XX | XX | XX | XX |
| Svartmeis | <i>Parus ater</i> | C | X | X | X | X |
| Blåmeis | <i>Parus caeruleus</i> | C | XX | XX | XX | X |
| Kjøtmeis | <i>Parus major</i> | D | XXX | XXX | XXX | XX |
| Spettmeis | <i>Sitta europaea</i> | C | XX | XX | XX | XX |
| Trekrypar | <i>Certhia familiaris</i> | O | | | | (x) |
| Varslar | <i>Lanius excubitor</i> | O | | | | (x) |
| Nøttesrike | <i>Garrulus glandarius</i> | C | X | X | X | X |
| Skjor | <i>Pica pica</i> | D | XX | XX | XXX | XX |
| Nøttekrake | <i>Nucifraga caryocatactes</i> | O | | | (x) | |
| Krake | <i>Corvus cornix</i> | D | XXX | XXX | XXX | XXX |
| Ravn | <i>Corvus corax</i> | D | XX | XX | XX | XX |
| Stare | <i>Sturnus vulgaris</i> | D | XXX | XXX | XXX | XXX |
| Gråsporv | <i>Passer domesticus</i> | C | XX | XX | XX | XX |
| Bokfink | <i>Fringilla coelebs</i> | D | XX | XX | XX | X |
| Bjørkefink | <i>Fringilla montifringilla</i> | B | X | X | XXX | XXX |
| Grønfink | <i>Carduelis chloris</i> | C | XX | XX | XXX | XXX |
| Stillits | <i>Carduelis carduelis</i> | O | (x) | | | |
| Grønsik | <i>Carduelis spinus</i> | B | X | X | XXX | XXX |
| Tornirisk | <i>Carduelis cannabina</i> | C | XX | 30-50 par | XX | |
| Bergirisk | <i>Carduelis flavirostris</i> | D | XX | XX | XX | |
| Brunsisik | <i>Carduelis cabaret</i> | C | XX | XX | XX | XX |
| Gråsisik | <i>Carduelis flammea</i> | O | XX | | XX | XX |
| Bandkrossnebb | <i>Loxia leucoptera</i> | O | | | (xx) | |
| Grankrossnebb | <i>Loxia curvirostra</i> | O | X | | X | X |
| Furukrossnebb | <i>Loxia pytyopsittacus</i> | O | X | | X | X |
| Dompap | <i>Pyrrhula pyrrhula</i> | C | X | X | X | X |
| Snøsporv | <i>Plectrophenax nivalis</i> | O | | | | X |
| Gulsporv | <i>Emberiza citrinella</i> | C | X | X | X | X |
| Sivsporv | <i>Emberiza schoeniclus</i> | D | X | 15-20 par | X | |

PATTEDYR

INSEKTETARAR

| | | | | | | |
|-----------------|----------------------------|---|----|----|----|---------|
| Piggsvin | <i>Erinaceus europaeus</i> | D | XX | XX | XX | I dvale |
| Vanlig spissmus | <i>Sorex araneus</i> | B | ? | ? | ? | ? |

| Norsk namn | Vitskapeleg namn | Status | Førekomst | | | |
|-------------------|------------------------------|--------|--|--------|-------|---------|
| | | | Vår | Sommar | Haust | Vinter |
| FLAGGERMUS | | | | | | |
| Vannflaggermus | <i>Myotis daubentonii</i> | C | X | X | X | I dvale |
| Nordflaggermus | <i>Eptesicus nilssonii</i> | C | X | X | X | I dvale |
| Dvergflaggermus | <i>Pipistrellus pygmaeus</i> | C | X | X | X | I dvale |
| ROVDYR | | | | | | |
| Raudrev | <i>Vulpes vulpes</i> | C | X | X | X | X |
| Mink | <i>Mustela vison</i> | D | XX | XX | XX | XX |
| Røyskatt | <i>Mustela erminea</i> | B | X | X | X | X |
| Oter | <i>Lutra lutra</i> | D | X | ≤5 | X | X |
| HJORTEDYR | | | | | | |
| Hjort | <i>Cervus elaphus</i> | D | XX | XX | XX | XX |
| Elg | <i>Alces alces</i> | O | Berre ein observasjon ca. år 2000, ukjent dato | | | |
| Rådyr | <i>Capreolus capreolus</i> | O | (x) | | | |
| HAREDYR | | | | | | |
| Hare | <i>Lepus timidus</i> | O* | Utsett på 1970-talet, borte i dag | | | |
| GNAGARAR | | | | | | |
| Ekorn | <i>Sciurus vulgaris</i> | C | X | X | X | X |
| Brunrotte | <i>Rattus norvegicus</i> | O* | | | | |
| Lita skogmus | <i>Apodemus sylvaticus</i> | C | XX | XX | XX | XX |

VEDLEGG II. KART

Alle kommunar har informasjonen frå viltkartlegginga på digital form. På denne måten kan kommunen sjølv framstille temakart etter behov. I nokre samanhengar kan det vere praktisk å ha viltkart i plotta utgåve. Ved plotting og t.d. ved framstilling av viltinformasjon i kommuneplanen sin arealdel er det vanleg praksis å dele informasjonen i fire tema: 1) Hjortevilt, 2) Småvilt, 3) Opplysningar unntake offentlegheit og 4) Prioriterte viltområde. I denne viltrapporten er berre kartet over prioriterte viltområde vedlagt. Dette er framstilt på grunnlag av dei andre temakarta og nokre område er justerte ved fagleg skjøn på grunnlag av opplysningar om fåtalige og sårbare artar og kunnskap om dei aktuelle artane sine krav til leveområde.

Med unntak av opplysningane som er unntake offentlegheit (t.d. hekkeplassar for enkelte trua og sårbare artar), er underliggende opplysningar allment tilgjenge gjennom Naturbasen på Direktoratet for naturforvalting sine heimesider: www.naturforvaltning.no

Austrheim kommune


Prioriterte viltområde

- A - Svært viktig
- B - Viktig

Skog og jordbruksareal

- Jordbruksareal
- Barskog
- Lauvskog
- Myr

Kartgrunnlaget er nokre år gammalt, slik at det i dag er ein del meir skog og mindre jordbruksareal enn det kartet viser. Myr dekkjer store område, men har opphavelig hatt ei enda større utbreiing.



Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavd.
Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk (N50), NIJOS/Geovekst (DMK).

ISBN 82-8060-015-9
ISSN 0804-6387